


Viltet i Os

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Os kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2006

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvernavdelinga

MVA-rapport 5/2006

Viltet i Os

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane

Os kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2006

MVA-rapport 5/2006

Ansvarlege institusjonar og finansiering: Os kommune og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 5/2006	
Tittel: Viltet i Os. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	ISBN-10: 82-8060-055-8 ISBN-13: 978-82-8060-055-4 ISSN: 0804-6387	
Forfattarar: Arnold Håland og Alf Tore Mjøs	Tal sider: 44 + vedlegg	
Kommunalt prosjektansvarleg: Helene Dahl (landbrukssjef)	Dato: 29.06.2006	
Samandrag: På initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, har Os kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde i kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gi kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye oversikta alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle artar innan gruppene amfibium, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Når det gjeld småvilt er det lagt særleg vekt på 1) trua og sårbare artar (raudlisteartar) og 2) fåtalige artar med spesielle habitatkrav. Alle kartdata finst på digital form, slik at kommunen kan framstille kart etter eige behov. Ved plotting er det vanleg å dele viltopplysningane på fire temakart: 1) hjortevilt, 2) småvilt, 3) opplysningar unnateke offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige og svært viktige viltområde). Av desse vil oversikta over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste kartet i overordna plansamheng. Dette kartet er vedlagt rapporten, saman med eit kart som viser viktige område og trekkveggar for hjort. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvaltning, litt om korleis kartlegginga i Os kommune har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen. Det er avgrensa 18 område i Os, der viltinteressene bør ha høg prioritet; 7 svært viktige viltområde og 11 viktige. Det er registrert 212 viltartar i kommunen: 4 amfibium, 1 krypdyrart, 185 fugleartar og 22 pattedyrartar. Kunnskapen er generelt dårlig når det gjeld amfibium, krypdyr og mange småpattedyr. Ein har hatt små ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet kan difor ikkje reknast som fullstendig. Situasjonen for viltet endrar seg dessutan over tid, både naturleg og som følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Supplerande kartlegging og jamleg ajourføring av kartverket er difor nødvendig. Gjennom tips frå lokalkjende og nye, målretta feltundersøkingar, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir komplett og meir presist.		
Referanse: Håland, A. & Mjøs, A. T. 2006. Viltet i Os. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Os kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2006: 1-44 + vedlegg.		
Emneord: Viltkartlegging, biologi, zoologi, vilt, amfibium, krypdyr, fuglar, pattedyr		
Os kommune Postboks 84 5202 Os Tlf: 56 57 50 00, Fax: 56 57 50 01 www.os.hordaland.no	Konsulent: Norsk Natur Informasjon Vågsgaten 6 5161 Laksevåg Tlf: 55 94 76 00, Fax: 55 94 76 01 www.nni.no	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland

FORORD

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling* er det sett som mål at alle kommunar i Noreg skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald på sitt areal. Stortingsmelding nr. 31 (1992-93) *Den regionale planlegginga og arealpolitikken* gir signal om at kommunane sjølve må innarbeide omsynet til biomangfaldet i eiga planlegging og verksemd.

Viltkartlegginga er ein viktig del av arbeidet med å få betre oversikt over biomangfaldet i Os. Kommunen er også i gang med ei kartlegging av viktige naturtypar.

Viltkartlegginga har vore eit spleiselag mellom kommunen og fylkesmannen i Hordaland si miljøvern-avdeling. Konsulentfirmaet Norsk Naturinformasjon vart i 2003 hyra til å samanstille eksisterande kunnskap om viltet og å utføre supplerande feltundersøkingar og forfatte ein viltrapport etter mal utarbeidd av fylkesmannen.

Viltkarta er digitaliserte ved fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga, som òg har stått for den endelege utforminga av rapporten.

Vi vonar viltkartlegginga kjem til nytte i den kommunale arealplanlegginga og at både kommunen, private grunneigarar og utbyggerar ser på opplysningane som ei moglegheit til å ta omsyn, og ikkje som eit hinder for næringsverksemd. Dei avmerka viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam" plakat, der ein ønskjer at viltet skal bli vist særleg omsyn. Det er òg eit ønske at viltrapporten skal vere med å auke kunnskapen og interessa for viltet både blant politikarar og byråkratar og kommunen sine innbyggjarar elles.

Osøyro, 29.06.2006

Gustav Bahun, leiar i viltnemnda

Helene Dahl, landbrukssjef

INNHALD

FORORD	5
INNHALD	7
1. INNLEIING	9
BAKGRUNN	9
LOVGRUNNLAG	9
INTERNASJONALE AVTALAR	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT	9
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR?	10
2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART	11
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING	11
KVA SKAL KARTLEGGAST?	11
TEMAKART	11
VILTRAPPORTEN	12
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA	12
3. METODIKK FOR ARBEIDET I OS	13
ORGANISERING AV PROSJEKTET	13
INNSAMLING AV INFORMASJON	13
KARTFRAMSTILLING	13
4. NATURGRUNNLAGET	14
GEOGRAFI OG AREAL	14
LANDSKAP OG GEOLOGI	14
KLIMA	14
VEGETASJON	14
5. PRIORITERTE VILTOMRÅDE I OS KOMMUNE	15
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE	15
VIKTIGE VILTOMRÅDE	16
SJØFUGLRESERVAT I OS	17
6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I OS	18
RAUDLISTER	18
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET	18
7. STATUS FOR VILTET I OS	20
AMFIBIAR	20
KRYPDYR	20
FUGLAR	20
PATTEDYR	35
8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?	39
9. KONFLIKTAR MELLOM VILTINTERESSENE OG VÅR EIGEN NATURBRUK	40
SKOGBRUK	40
JORDBRUK	40
FRILUFTSLIV OG FERDSEL	41
JAKT	41
FAUNAKRIMINALITET	41
NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE	41
VEGAR	41
VASSDRAGSREGULERING	42
KRAFTLEIDNINGAR	42
AVFALL	42
FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR	42
10. LITTERATUR	43
VEDLEGG I. ARTSLISTE	45
VEDLEGG II. KART	49

1. INNLEIING

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsett for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadfelt, industri og infrastruktur utgjør eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig også å integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å kartlegge viktige viltområde er eit ønske om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, først og fremst på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt og nasjonalt nivå.

Det er òg eit ønske at viltkartverket skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einseitig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet (jamfør viltlova § 2). Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkvegar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslier med gammal skog, eldre ospesholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av truga og sårbare artar står sjølvstøtt og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at omsynet til viltinteressene skal innpassast i arealplanlegginga i kommune og fylke. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn.

- *Plan- og bygningslova* av 1985 pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* av 1965 legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltingssamanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkmiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftlova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* av 1977 har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i "utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE AVTALAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad. Dei viktigaste internasjonale avtalene med relevans for viltet er:

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkmiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning
- St. melding nr. 15 (2003-2004) Rovdyr i norsk natur.
- St. melding nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR?

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske og materielle argument: Mennesket har til alle tider vore avhengige av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige for oss, kan andre artar enn dei vi utnyttar i dag få mykje å seie i framtida. Eit *genetisk mangfald* er også viktig for mennesket si materielle og økonomiske ut-

vikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal vilde artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse negative eigenskapar følgjer dei positive. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører også til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanhengen vere nødvendig som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan også vere viktig i samband med vidare husdyravl, fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismane.

Kulturelle og estetiske argument: Sjølv om særinteressene innan naturbruk er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving. Det er t.d. neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Dei fleste har lite økonomisk utbyte av ein jakttur (snarare tvert imot), men naturopplevinga i seg sjølv er ofte like viktig som det å felle eit bytte. Jakt har også lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje ein del av mennesket sin nedarva biologi?

Etiske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med overlegg kan utrydde andre artar, og dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange meiner også at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei er til nytte eller skade for menneska. Vi har også eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er generalistar og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønselhauken gjerne har leveområde på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområdet. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hannauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

I tillegg til arten si økologiske nisje, er det først og fremst næringstilgangen som bestemmer storleiken på leveområdet. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Spelplassar for storfugl (og orrfugl dersom leikane har høgt tal fuglar og er velavgrensa som t.d. ei myr).
- Viktige funksjonsområde for spettar (spettelier). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Viktige funksjonsområde for sjøfugl (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Viktige funksjonsområde for våtmarksfugl (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkveggar for hjort og ev. elg og rådyr. Vinterbeite er først og fremst interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan føre til næringsmangel.
- Alle funksjonsområde for villrein (beiteområde, kalvingsområde, trekkveggar).
- Amfibiar: Alle leveområde for stor salamander. Særleg viktige yngleområde for frosk og padde. For desse artane kan det også vere aktuelt å kartfeste vegstrekningar der påkjørsalar er eit stort problem.

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spelplassar. Det

er verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering (oppsplitting). Dei mest aktuelle arealkrevjande artane i Hordaland er villrein (i fjellet i indre delar av fylket), hønselhauk, storfugl, kvitryggspett og gråspett (skog).

Andre område som er jamleg i bruk over fleire år og som er lette å kartfeste, blir også gjerne registrert under viltkartlegging, t.d. hekkekoloniar for gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Slike lokalitetar har ei viss fagleg interesse, om ikkje anna enn som dokumentasjon på hekkeførekost.

TEMAKART

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverktøy og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på *eit* kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneheld for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktige beiteområde og trekkveggar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unnateke offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmenn kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfuglartar og spelplassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) *Prioriterte viltområde.* Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; *svært viktige* viltområde og *viktige* viltområde.

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Det bør ikkje gjerast tekniske inngrep som fører til stor reduksjon av områda sin verdi for viltet. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar (også større friluftaktivitetar) er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvaliteter for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein, jf. viltlova, å ta normale omsyn til viltet og generelt bør omsyn til viltet takast ved all endring i arealbruken.

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar for viltet.

VILTRAPPORTEN

Det er viktig å sjå viltkarta i samanheng med viltrapporten. Rapporten inneheld m.a. ei skildring av dei viktigaste viltområda, med grunngeving for kvifor dei har fått høg prioritet. Det blir òg gitt ein omtale av dei ulike artane som er registrerte i kommunen, noko som er eit viktig grunnlag for å kunne sette informasjonen på karta i rett perspektiv.

BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar.

Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeid-

det skal trekkast. Dei prioriterte viltområda betyr ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der viltinteressene bør ha høg prioritet. Dersom det likevel skal gjerast arealinngrep i slike område, må dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta brukast, for å unngå inngrep i dei mest sårbare områda. Under planlegginga bør lokal og regional forvaltning, som har fagkompetanse innan viltbiologi, rådspørjast.

I mange tilfelle vil det vere nødvendig med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informerte og får tilgang til relevante opplysningar. Sjølv om eit område blir vurdert som eit svært viktig- eller viktig viltområde, legg ikkje dette i seg sjølv restriksjonar på vanleg næringsverksend i området, som t.d. skogsdrift. Skoglova tilseier imidlertid at det skal takast omsyn til viltet ved skogsdrift. Både ved vegframføring og hogst bør det takast særlege omsyn i prioriterte viltområde. Også her kan det vere nødvendig med supplerande undersøkingar.

Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Interesserte lag, organisasjonar og enkeltpersonar vil gjennom kjennskap til viltkartverket kunne bidra med konstruktive innspel og ny informasjon.

Gjennom fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen - ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som (med unntak av enkelte sensitive opplysningar) er tilgjengeleg over Internet: www.naturbase.no.

OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for 1) å legge inn ny informasjon og 2) å fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Det blir anbefalt ein årleg gjennomgang av viltkartverket saman med fylkesmannen, for å legge inn nye opplysningar. Det blir også anbefalt ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjonen av kommuneplanen.

Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vil presisjonen i viltkartverket gradvis kunne bli betre over tid.

3. METODIKK FOR ARBEIDET I OS

ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltkartlegginga er utført av konsulentfirmaet Norsk Natur Informasjon, Bergen.

Før prosjektet starta opp vart det halde eit møte mellom kommunen sin prosjektansvarleg og fylkesmannen der rammene for prosjektet vart diskuterte. Seinare vart prosjektet lagt fram for viltnemnda i Os. Etter at den praktiske kartlegginga var avslutta, la konsulenten våren 2005 fram eit utkast til viltrapport på eit møte med viltnemnda og fylkesmannen.

Før viltrapporten vart endeleg ferdigstilt, ønskte viltnemnda å skaffe noko meir detaljert informasjon om hjorten sine trekkveggar Os, og å be om eventuelle supplerande opplysningar om viltet elles frå eit par lokale ressurspersonar. Dei nye opplysningane vart innarbeidd i kart og viltrapport ved fylkesmannen i Hordaland i samråd med viltnemnda. Fylkesmannen har òg stått for den endelege utforminga av viltrapporten, også dette i samarbeid med viltnemnda.

Kommunen sin prosjektansvarleg har vore landbrukssjef Helene Dahl. Viltnemnda har bestått av bestått av Gustav Bahus (leiar), Harald Døsen, Knut Kopperud, Aase Lønningdal og Nils Olav Nøss.

INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har i første rekke blitt gjennomført av konsulenten. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Opplysningar frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling

- Intervju med ansvarlege for hjortevald og andre personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar. Intervjua vart i hovudsak gjennomførte vinteren 2005. Innhenting av informasjon frå hjortevalda er gjennomført av viltnemnda ved skriftleg kontakt.
- Gamle viltkart
- Litteratur
- Opplysningar frå dei naturhistoriske samlingane ved Bergen Museum
- Eigne feltregistreringar, både frå tidlegare feltarbeid i Os i samband med andre prosjekt og ved nytt feltarbeid sommaren 2004.


Informasjon om hjorten i Os er samla inn gjennom viltnemnda, ved kontakt med grunneigarar, jegerar og ansvarlege for hjortevalda i kommunen. Ei lang rekkje personar har vore hjelpsame under denne prosessen og fortener stor takk!

KARTFRAMSTILLING

Manuskart er utarbeidd av konsulenten. Vurdering av grenser og verdsetting av viktige viltområda er gjort av konsulenten og fylkesmannen i Hordaland i samråd med viltnemnda i Os.

Manuskarta er digitaliserte ved fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling etter manuskart i målestokk 1:50 000.

Den generelle metoden for kartframstilling er nærare skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlagsanalyse. Denne metoden er ikkje brukt i Os kommune. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.



Osvassdraget er saman med Kalandsvassdraget det viktigaste overvintringsområdet for songsvane i Hordaland. Foto: Arnold Håland.

4. NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFI OG AREAL

Os kommune har eit areal på 137 km² og ligg på den sørlege delen av Bergenshalvøya.

Kommunen grensar mot fjordar både i aust, sør og vest (Fusafjorden, Bjørnefjorden, Krossfjorden og Lysefjorden). I nord grensar Os mot Bergen kommune og i nordaust mot Samnanger.

Av kommunen sitt landareal er omlag 70% skog, 11% fjell og open mark, 8% jordbruksareal, 5% ferskvatn, 1,4% myr og omlag 4,5% er utbygd (NIJOS, DMK markslagstatistikk). Sjå også kart 1 bak i rapporten.

Pr. 1/1-2005 hadde Os 14.908 innbyggjarar. Folketalet har vore jamt stigande heile siste hundreåret, som i dei andre kommunane nær Bergen. Det bur mest folk i tettstaden Osøyro, elles ligg dei største bustadområda på Søfteland, Søre Neset, Nore Neset og ved Lysefjorden.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Mot sør og vest er landskapet låglendt og splittar seg i mange større og mindre øyar, vikar og sund. Øyane er for det meste skogklede. Mot nordaust er det fjordlandskapet som set sitt preg, med til dels bratte fjordlier, tronge dalar og fjell opp til 840 m o.h. Osvassdraget eit svært sentralt landskapselement, omgitt av skogklede åsar, og høgare fjell dess lengre oppover i vassdraget ein kjem.

Berggrunnen varierer mykje og er prega av strukturen i dei såkalla Bergensbogane. Den ytre bogen pregar den søraustlege delen av kommunen, med langsgåande striper av rikare berggrunn som fyllitt, glimmerskifer og glimmergneis. Elles er store delar av kommunen er prega av hardare bergartar, m.a. gabbro og metabasalt (Ragnhildstveit & Helliksen 1997).

KLIMA

Klimaet i Os er sterkt prega av nærleik til sjøen og kysten (oseanisk klima). Som på resten av ytre Vestlandet er kjølige somrar og milde vint-rar typisk, sjølv om veret kan veksle mykje. Nedbøren er høg og aukar frå kysten og innover i fjella i Osvassdraget og vidare inn mot Samnanger der over 2000 mm i året er vanleg. Årsmiddeltemperaturen ligg rundt 7°C. Juli er varmaste månad, med ein middeltemperatur opp mot 15°C. Januar er kaldaste månad med ein middeltemperatur på 1,3°C.

VEGETASJON

Vegetasjonen er svært viktig for førekomsten av viltartar i eit område. Vegetasjonsbiletet og naturtypene vekslar mykje i Os, men med klare hovudtrekk i dei ulike delane av kommunen. Furudominert blandingskog dekkjer store areal, særleg i nedslagsfeltet til Osvassdraget, inn til Gåssand og Raudlia. Men òg på øyane sør i kommunen er det mykje furuskog. Denne skogtypen er viktig for viltet, og både storfugl og fleire raudlisteartar (hønsenhauk, kvitryggspett, gråspett og dvergspett) er knytte til desse områda. Mykje av furuskogen er relativt ung, truleg mellom 100 og 150 år, og det er relativt lite død ved i forhold til det ein finn i mindre hogstpåverka skog. Likevel finst det bestandar av alle dei nemnde raudlista spet-teartane i Os-skogane.

Totalt er omlag 70% av kommunen sitt areal skog (sjå Kart 1). Omlag 80% av det totale skogarealet er barskog, 8% er blandingskog og 11% er lauvskog. Rundt 60% av skogarealet er rekna som drivverdig og dette fordeler seg på om lag 57% furuskog, 27% planta gran og 16% lauvskog.

I område med rik berggrunn og i område med varmt mikroklima, særleg sør i kommunen, finst edellauvskog. Tre av desse områda er verna som naturreservat (Villevia, Klyvelia og Floget). Sjølv om dei ikkje primært er verna for viltformål har dei rike lauvskogane også stor betydning for mange viltartar.

5. PRIORITERTE VILTOMRÅDE I OS KOMMUNE

Det er foreslått 18 prioriterte viltområde i Os kommune, 7 svært viktige og 11 viktige. I det følgjande blir kvart enkelt område gitt ein kort omtale. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenumra på kartet over prioriterte viltområde bak i rapporten.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Svært viktige område for sjøfugl:

1. Sandholmane naturreservat. Samling av holmar i Bjørnefjorden, omlag 2,5 km søraust for Osøyro. Området har vore ein svært viktig hekkelass for sjøfugl i alle fall dei siste 30 åra, og sikkert lenger enn dette. Det er måsar og ternar som dominerer sjøfuglsamfunnet, med fiskemåse som den klart viktigaste arten. Det er òg eit godt spekter av andre skjergardsfuglar i området, t.d. grågås, siland og tjeld. Dei største holmane er kledde med furuskog og på den eine holmen er det ein gråhegrekoloni. Furuskogen er nok lite gunstig for dei andre artane i området og fjerning av skog bør vurderast som eit aktuelt forvaltings tiltak.



Sandholmane naturreservat. Foto: Fylkesmannen i Hordaland.

2. Raudholmane naturreservat. Samling av holmar i Bjørnefjorden, utanfor Kuvågen, omlag 1,5 km sør for Osøyro. Området har lenge hatt ein viktig funksjon for hekkande sjøfugl. Som i Sandholmane NR, er måsar og ternar viktigaste artsgrupper. I 2004 utgjorde også svartbak, sildemåse og gråmåse eit viktig innslag, i motsetning til Sandholmane der det hekkar mest fiskemåse. På 1990-talet hekka det stort sett berre fiskemåse og ternar på Raudholmane (Byrkjeland 1999), så artssamansetjinga ser ut til å forandre seg over tid.



Raudholmane naturreservat. Foto: Fylkesmannen i Hordaland.

Svært viktige område for artar i skog:

All gammal furuskog på høg og middels bonitet er nøkkelhabitat for raudlista fuglearter som kvitryggspett og hønehauk. Storfugl (tiur og røy) er òg knytt til den gamle barblandings-skogen, generelt til noko høgareliggande område, men særleg blåbærfuruskogen er viktig som oppvekstområde. Samla areal av denne naturskogen gir livsgrunnlag for bestandar av desse artene i Os.

Ulike menneskelege inngrep, i første rekkje skogbruket, har opp gjennom åra sett sitt preg på delar av skogen, med hogstflater og treslagskifte. Dette har ført til ei oppsplitting av den gamle furuskogen. Fire større område blir framleis vurderte som svært viktige. I desse områda bør ein unngå utbygging, og skogbruket må drivast forsiktig. Områda er store, men nettopp arealet er viktig for mange av dei sårbare artane. "Under" desse store areala ligg det ein del detaljert informasjon. På sikt bør dette datagrunnlaget bli betre, slik at ein ved framtidig aktivitet i størst moglig grad kan ta omsyn til dei viktigaste delområda.

3. Haukeland - Raudlia. I dette området er det gjennom dei siste 20 åra registrert hekkande kvitryggspett, hønehauk og musvåk (regionalt sjeldan art). Området er òg ein del av eit storfuglområde (området må sjåast i samanheng med område 4), og det er registrert ein til to spelplassar i området. Ei større hogstflate i Raudlia har fjerna relativt mykje naturskog, men dette arealet kan bli reetablert på sikt. Høgbonitetsområda er dei viktigaste. Området omfattar også areal i Bergen kommune.

4. Gåssand aust. Område aust for Gåssandvatnet og Raudlivatna, med viktige funksjonsområde for kvitryggspett (påvist hekking), hønehauk (påvist hekking), dvergspett (sannsynleg hekking) og storfugl (registrerte spelplassar). Delar av området er påverka av skogbruk og treslagskifte, men har likevel preg av samanhengande furuskog (området må også sjåast i samanheng med område 3). Området omfattar også areal i Bergen kommune.

5. Endelausskogen. Viktig hekkeområde for kvitryggspett og hønehauk og viktig del av leveområde for storfugl. Dvergspett er registrert i området i hekketida, men det føreligg ikkje konkrete hekkefunn. Også i dette område har det blitt tatt ut ein del skog, men den største hogstflata ligg utanfor den nordlege delen av området, mot Søfteland.

6. Lysekloster. I Lyseklosterskogane finst det enno hekkande kvitryggspett og storfugl, men i

delar av området har det dei siste 50 åra vore omfattande hogst av furuskog og treslagskifte til gran. Høgareliggende område har størst verdi i dag, i alle fall for storfugl, og det er enno ein intakt leik i området. I dette området ligg òg den einaste kjende førekomsten av stor salamander i Bergen/Os. Området omfattar også areal i Bergen kommune.

Svært viktige område for vassfuglar:

7. Ulvenvatnet. Den sørlege delen av Ulvenvatnet har eit svært rikt biologisk mangfald både når det gjeld plantar og dyr. Vatnet er sannsynleg hekkeplass for fleire regionalt sjeldne fugleartar som dvergdykkar, vannrikse, myrrikse og sothøne. Ulvenvatnet er fast hekkeplass for 3-4 par sivsongar og både stokkand og krikand hekkar i tilknytning til vatnet. Vatnet har òg ein viktig funksjon som rasteplass for fuglar under trekket og som overvintringsplass for andefugl så lenge det ikkje ligg is på vatnet. Området har sidan 1990-talet hatt ein viktig funksjon for overnattande låvesvaler på seinsommaren og tidleg på hausten. Også linerle og stare nyttar takrøyrskogen her som overnattingsplass om hausten. Hyppige besøk av hobbyornitologar, gjer at lokaliteten kan skilte med ei lang artsliste (sjå m.a. Krompen nr. 4, 1993).

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Viktige viltområde i skog:

8. Vardefjell. Også i dette området finst enno tilstrekkeleg med gammalskog for artar som kvitryggspett, gråspett og storfugl. Alle desse artane er registrerte i området, m.a. to-tre spel-plassar for storfugl. Området er likevel vurdert som litt mindre viktig enn skogområda lenger nord i kommunen, men betre dokumentasjon vil kunne heve verdivurderinga av området.

9. Strøno. Det sentrale furuskogsområdet på Strøno er eit viktig område for storfugl. Området sin status for raudlisteartar ikkje kjent, men sannsynleg finst i alle fall kvitryggspett i området. Også verdien av dette området vil kunne bli oppjustert ved betre dokumentasjon.

Viktige område for sjøfugl:

Alle holmane som det regelmessig hekker ternar på (makrellterne og raudnebbterne) er viktige viltområde. Det inkluderer òg dei holmane som har status som sjøfuglreservat, men som tidvis har stått tomme. Ternene kan flytte mykje frå år til år og det medfører at dei over tid treng eit nettverk av småholmar for hekking.

10. Holmar i Strønosn. Fem holmar i dette området har reservatstatus (*Vågsholmen, Gu-*

laskjer, Brattholmen og Grasholmen NR). Utgangspunktet for vernet var koloniar av fiskemåse og ternar. Det hekkar framleis noko sjøfugl i reservatet, men i 2004 hekka det òg mykje ternar (og fiskemåse) på holmar utanom reservatet.

11. Leiholmane. Dette er ei gruppe holmar ved nordspissen av Strøno. Eit skjer lenger nord-aust har reservatstatus, men det hekka ikkje ternar her i 2004. Derimot hadde ein annan holme innanfor det avgrensa området ein tett ternekoloni.

12. Holmen i Ulvenvatnet. Tradisjonell hekklokalitet for både makrell- og raudnebbterne. Fordelinga mellom artane vekslar over tid.

13. Hundafleso. Øy i Lysefjorden med blandingskoloni av måsar (svartbak, gråmåse og sil-demåse og fiskemåse). Sjøfuglsamfunnet her har endra seg dei siste 10-åra. Dette er i dag den tredje viktigaste måselokaliteten i kommunen.

Viktige område for vassfuglar:

Osvassdraget. Store delar av vassdraget, først og fremst dei grunne delane av vatna (inkl. lokalitetane 14-18) er viktige beiteområde for overvintrande songsvane. Over 130 individ er påvist i vassdraget samstundes, og Osvassdraget er det viktigaste enkeltvassdraget for overvintrande songsvane i Hordaland. Etter 1%-kriteriet er Osvassdraget òg eit nasjonalt viktig vassdrag for arten (november-mars). Det er viktig å presisere at den delen av vassdraget som ligg i Os, har ein samfunksjon med den øvre delen av vassdraget som ligg i Bergen kommune og med det nærliggande Fanavassdraget med t.d. Kalandsvatnet. For andre vassfuglartar har Osvassdraget ein lokal funksjon (både for hekkande, rastande og overvintrande andefuglar).

14. Banktjørn. Ein av dei faste plassane for overvintrande songsvanar. Mindre viktig for grasender og dykkender. Gråhegre sjåast ofte på næringssøk.

15. Tøsdalsvatnet med Spongo. Ofte god førekomst av både grasender og dykkender haust, vinter og vår. Lokaliteten blir òg regelmessig brukt av overvintrande songsvane.

16. Skogavatnet-Hetleflotvatnet. Regelmessig i bruk av overvintrande songsvane og toppand.

17. Bergstøvatnet (Søre Gåssandvatn). Regelmessig i bruk av overvintrande songsvane.

18. Røykenesvatnet. Viktig område for overvintrande songsvane og ender (t.d. toppand og stokkand).

ANDRE VILTOMRÅDE

Viktige område for vadefuglar på kulturmark

Eit av måla med feltarbeidet i 2004 var å finne fram til dei viktigaste områda for hekkande fuglearter i kulturlandskapet, særleg vadarane vipe, raudstilk og enkeltbekkasin. Framtida særleg for vipe, er nok nært knytt til driftsformer i landbruket. Fire område merka seg ut som lokalt viktige i 2004. Områda er ikkje rekna som prioriterte viltområde, sidan dei ligg i kulturlandskapet og er avhengige av drift dersom dei framleis skal eksistere.

19. Gåssand. Viktig hekkeområde for vipe. I 2004 var det mykje viper tidleg i hekkesesongen (nærmare 20 individ), men hekkinga braut saman og berre eitt par heldt seg her utover i mai.

20. Tøsdal. Liten, men viktig førekomst av hekkande vipe. 3-5 par i 2004.

21. Moberg. Kulturmarka som grensar mot våtmarksområdet søraust for Ulvenvatnet er viktig for vipe og enkeltbekkasin.

22. Lunde. Den største vipebestanden i Os i 2004, rundt 10 par.

Andre område

Øvredalen - Svinningen (ikkje nærmare kartfesta). Eit større område som strekkjer seg frå Gåssand, via Øvredalen og vidare over grensa mot Bergen og Samnanger, blir av lokale viltkyndige rekna for å vere blant dei viktigaste viltområda i Os, m.a. på grunn av relativt gode førekomstar av jaktbare viltartar som ryper, orrfugl og hare. Desse artane har imidlertid lågare prioritet i denne viltkartlegginga, som først og fremst rettar fokus mot sårbare artar og artar på den nasjonale raudlista.

Området har òg kvalitetar for spettar og storfugl, men desse områda er stort sett omfatta av viltområde 4 – Gåssand aust. Eit område sentralt i Øvredalen (rundt "Vegaskiftet") er innrapportert som eit viktig spetteområde, m.a. med kvitryggspett. Dette området vart ikkje undersøkt under viltkartlegginga, men kan vere aktuelt som prioritert viltområde med betre dokumentasjon og etter ei fagleg vurdering.

SJØFUGLRESERVAT I OS

I tillegg til Sandholmene NR og Raudholmene NR, som begge må reknast som svært viktige viltområde og Vågsholmane NR som er eit viktig viltområde, er det to sjøfuglreservat i Os som i dag har mindre betydning som viltområde (Kart 1).

Klubbholmen NR er eit lite skjer utanfor Eidsvika på Drange. Utgangspunktet for vernet i 1987 var ein makrellternekoloni, men det er ikkje registrert hekking av sjøfuglar her dei siste 15 åra.

Perholmen NR er to små holmar i Hauglandsoen. Bakgrunnen for vernet i 1987 var ein ternekoloni. Nokre få makrellterner hekkar truleg bort imot årleg, men førekomsten har ikkje hatt kolonipreg sidan 1988 (Byrkjeland 1999).

TREKKVEGAR FOR HJORT

Det er ikkje gjort nok forsøk på å plukke ut særleg viktige beiteområde for hjorten i Os. Hjorten er svært tilpasningsdyktig og utnyttar beite der det finst, både i skog, fjell og på innmark. Dei store, prioriterte viltområda kan likevel også reknast som viktige leveområde for hjort.

Å sikre hjorten gode trekkveggar mellom ulike beiteområde er viktig for at beiteområda skal kunne nyttast optimalt. I område med stort utbyggingspress, der det "tettast seg til" og er mangel på alternative trekkruiter, kan det vere viktig å planlegge såkalla viltkorridorar, der dyra kan passere og samstundes kjenne seg relativt trygge. Eit område det er viktig å vere merksam på i Os er området ved Tøsdal/Skogen, der hjorten kryssar Osdalføret under aust-vest trekk (Kart 2).

Over alt der det finst ein hjortebestand, går det meir eller mindre faste trekkruiter, der dyra flyttar seg mellom beiteområda. Å kartlegge alle desse er bort imot umogleg og er heller ikkje viktig i forvaltningssamanheng. Det kan likevel vere eit poeng å kartlegge hovudtrekkruiter og trekkruiter som blir svært mykje nytta.

Trekkruiter for hjort i Os er vist på Kart 2. Trekkvegane er ikkje nøyaktige på meteren, men er eit forsøk på å fange opp hovudlinjene i hjorten sine vandringer i Os. Informasjonen er basert kart der grunneigarar, valdansvarlige og medlemmer av viltnemnda teikna inn meir detaljerte trekkruiter. Dei meir detaljerte karta eignar seg lite i denne rapporten, men er oppbevarte hos kommunen.

6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I OS

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar, med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning (DN 1999).

Enkelte fylkesmenn har utarbeidd fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar for dei artene det gjeld.

Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn og vandrefalk).

Raudlistene må reviderast etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonale raudliste for truete artar i Norge 1998* (DN 1999). Den neste norske raudlista er venta i 2007.

Kategoriene i den norske raudlista 1998:

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra.

Direkte truga - E (Endangered)

Artar som står i fare for å forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane held fram.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette er artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet og inngrep i naturen. Her er lista opp nokre viktige trugsmål:

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjer eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Artar som står høgt i næringskjeda, t.d. rovdyr/rovfugl, er spesielt utsette fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen, og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange øyar, t.d. i Stillehavet, er mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotte. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer. Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Handel med ville dyr er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for artar som i utgangspunktet var fåtalige. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytt til rovfuglar, særleg jaktfalken, men ei lang rekkje fuglearter er utsette for samlarar.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot viltet og biomangfaldet elles.

Tabell 1. Nasjonalt raudlista viltartar og ansvarsartar registrert i Os kommune.

Status i Noreg	Art	Førekomst i Os kommune	Moglege trugsmål lokalt
Direkte truga (E)	Stor salamander	Funnen i ein dam på grensa mot Bergen	<ul style="list-style-type: none"> • Utsetjing av fisk
	Åkerrikse	Sjeldan observert.	<ul style="list-style-type: none"> • Omleggingar i landbruket til maskinell drift og tidleg slått
Sårbar (V)	Liten salamander	Finst i ein hagedam	<ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon i arealet av gammalskog • Forstyrning på hekkeplass • Faunakriminalitet • Forstyrning på hekkeplass • Faunakriminalitet • Kraftliner • Bortfall av beitemark og skogsbeite? • Reduksjon i areal av eldre skog - mangel på død ved
	Hønehauk	Liten hekkebestand	
	Jaktfalk	Streiffugl	
	Vandrefalk	Streiffugl	
Sjeldan (R)	Hubro	Liten hekkebestand	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftlinjer • Bortfall av grunne ferskvassområde - • Øydelegging av våtmark • Øydelegging av våtmark
	Vendehals	Fåtallig hekkande?	
	Kvitryggspett	Liten hekkebestand	
	Songsvane	God vinterbestand	
Omsynskrevjande (DC)	Stjertand	Sjeldan trekkfugl	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrning på hekkeplass • Vassdragsregulering • Drukning i fiskegarn • Kraftliner • Drukning i fiskegarn • Kraftliner • Reduksjon i areal av gamalskog • Forstyrning på hekkeplass • Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog - mangel på død ved • Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog - mangel på død ved
	Kongeørn	Streiffugl	
	Myrrikse	Mogeleg hekkefugl	
	Vassrikse	Mogeleg hekkefugl	
	Smålom	Mogeleg hekkfugl	
Bør overvakast (DM)	Storlom	Sjeldan og tilfeldig	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Drukning i fiskegarn • Drukning i fiskegarn • Påkjørslar • Ukjent • Ukjent -
	Havørn	Mogleg hekking (1 par).	
	Gråspett	Liten hekkebestand	
	Dvergspett	Liten hekkebestand	
	Sjørre	Fåtallig trekk/vinterfugl	
Ansvarsartar hekkebestand	Svartand	Fåtallig trekk/vinterfugl	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Drukning i fiskegarn • Drukning i fiskegarn • Påkjørslar • Ukjent • Ukjent -
	Havelle	Fåtallig trekk/vinterfugl.	
	Piggsvin	God bestand i tettstad/ bustad-område. Mindre i kulturmarka.	
	Skjeggflaggermus		
	Dvergflaggermus		
Ansvarsartar vinterbestand	Gaupe	Mogleg enkeltobservasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrning på hekkeplass • Faunakriminalitet • Høgt jakttrykk • Grøfting og utfylling av våtmark - • Friluftsliv i skjergarden - • Drukning i fiskegarn • Jakt • Oljesøl, jakt
	Havørn	Mogleg hekking (1 par).	
	Fjellrype	Marginal hekkebestand.	
	Raudstilk	Liten hekkebestand?	
	Skjerpiperke	Liten hekkebestand.	
Ansvarsart	Svartbak	Liten hekkebestand.	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Jakt • Oljesøl, jakt
	Bergirisk	Fåtallig hekkefugl.	
Ansvarsart	Storskarv	Trekk og vinterfugl.	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Jakt • Oljesøl, jakt
	Siland	Fåtallig hekkefugl/overvintrar	
Ansvarsart	Lemen	Truleg sporadisk i Osfjella.	-

7. STATUS FOR VILTET I OS

AMFIBIAR

Liten salamander *Triturus vulgaris* **Sårbar (V)**
Skal vere talrik i ein hagedam. Har truleg følgt med vassplantar som er planta i dammen. Spreiing av arten ut frå dette området er uønskt og ulovleg!

Stor salamander *Triturus cristatus* **Direkte truga (E)**
Funnen i ein dam på grensa mot Bergen. Kor lenge arten har funnest her og korleis han har kome hit er ukjent. Dette kan vere ein rest av eit tidlegare større utbreiingsområde i Hordaland. I fylket i dag er stor salamander registrert i kommunane Fusa, Kvam, Kvinnherad og Etne i tillegg til Os/Bergen. Området med størst tettleik ligg i Geitaknottane naturreservat på grensa mellom Fusa, Kvam og Kvinnherad.



Stor salamander. Foto: Stein Byrkjeland.

Frosk *Rana temporaria*
Truleg relativt vanleg over store delar av kommunen, men kunnskap om lokal utbreiing er dårleg.

Padde *Bufo bufo*
Vanleg art i store delar av kommunen. I samband med viltkartlegginga våren 2004 vart det t.d. påvist stor aktivitet med egglegging i nordaustenden av Tveitvatnet og i utløpet av Hegglandsvatnet, Hegglandsdalen.

KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*
Mest sannsynleg ein vanleg art i det meste av kommunen.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Os er 185 artar registrert og av desse er ca. 100 artar hekkefuglar (Vedlegg I). Samanlikna med mange andre kommunar er fuglelivet i Os ganske godt dokumentert, både gjennom ideelt arbeid og gjennom meir målretta prosjektarbeid. M.a. vart kvitryggspetten gjenstand for eit forskingsprosjekt i regi av Universitetet i Bergen frå 1985 til 1994 (Håland & Ugelvik 1992). Førekosten av fuglar ved Ulvenvatnet er m.a. studert gjennom konsekvensutgrei-

inga i samband med E39 (Håland mfl. 1997, 1998).

Ringmerking av fuglar m.a. ved fangst med mistnett har òg vore eit viktig bidrag til dokumentasjon av fugleførekosten i Os. Ringmerkingsverksemda i Os vart starta opp av Jimmy Øvredal i 1961. Sidan vart det danna ei ringmerkingsgruppe med fleire aktive medlemmar, og ei periode var det òg i drift ein ornitologisk stasjon på Hauge. På siste halvdel av 1990-talet føregikk det ringmerking ved Ulvenvatnet, først og fremst retta mot låvesvale ved overnattingsplass om hausten. Til saman har det blitt ringmerka over 50 000 individ og ca. ulike 150 artar i Os.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter LRSK (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomité), og det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité NSKF (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over artar som er svært sjeldne eller har stor forvekslingsrisiko, og som difor krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokal-tidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica* (tidlegare i *Vår Fuglefauna*), av NSKF.

Denne viltrapporten følgjer langt på veg NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor berre artar med funn godkjende av LRSK eller NSKF omtala og rekna som offisielle. For desse blir det i dei fleste tilfelle referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldenhetskomiteane eller til LRSK For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, kan det vere referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**
Påvist hekkande i 1998 (Falkenberg 1999). Status ut over dette er ukjent, men arten førekjem truleg bort imot årleg, men svært fåtalig, under trekket. I Steinsdalsvatnet vart eit individ tatt i garn midt i hekketida i 1979, noko som illustrerer eit alvorleg trugsmål mot denne arten. Trekkfugl som dukkar opp i låglandet i april. Vatn i låglandet er ofte berre rasteplass, der smålomen ligg til meir høgtliggande vatn er isfrie.

Storlom *G. arctica* **Omsynskrevjande (DC)**
Sjeldan gjest under trekket om våren. To individ (truleg par) låg på Raudlivatnet 6.5. 2004, og eit individ same stad 16.5. 2004. Eit individ vart også observert her 4.5. 1978. Arten er også observert ein gong i Ulvenvatnet. Storlomen er ein sjeldan hekkefugl i Hordaland (ca. 15 par i heile fylket). Trekkfugl som vanlegvis dukkar opp i slutten av april og drar i september-oktober.

DYKKARAR

Dvergdykkar *Tachybaptus ruficollis*
Dvergdykkaren er ikkje påvist sikkert hekkande i Os, men er observert i Ulvenvatnet i hekketida og som overvintrande fleire stader i kommunen (m.a. i Røykenesstraumen 21.2. 1983 og 2.-16.1. 1994 og i Ulvenvatnet i oktober 1993). Ein vaksen fugl vart fanga og ringmerka i Ulvenvatnet 12.9. 1996. I samband med viltkartlegginga våren 2004 vart òg ein vaksen fugl observert i Ulvenvatnet 23.4 og 19.5., noko som må reknast som funn i hekketida og svært uvanleg i Hordaland. Ved ny sjekk hausten 2004 vart 4 dvergdykkarar påvist i same området. Det er sannsynlig at arten hekka i Ulvenvatnet i 2004, noko som i tilfelle vil vere det andre hekkefunnet i fylket. Dvergdykkaren er elles ein fåtallig hekkefugl i Noreg. Arten er ein sky og tilbaketrukken art som held til i næringsrike ferskvatn. Blir han uroa dukkar han og gøymer seg mellom vassvegetasjon o.l., Dette, i tillegg til den vesle størrelsen, gjer at han lett blir oversett.

Horndykkar *Podiceps auritus*
Berre observert ein gong i Os, i Ulvenvatnet 11.9. 2000 (Falkenberg 2001).

STORMFUGLAR

Stormsval *Oceanodroma leucorhoa*
Stormsvala høyrer til i opne havområda og kjem vanlegvis ikkje inn til kysten om dagen. I sjeldne tilfelle kan svekka individ bli pressa inn over land av dårleg ver, og dukke opp dei raraste stader. Einaste funn i Os vart gjort i ein kjellar(!) på Osøyro 13.11.1923. (Zoologisk museum, Bergen).

SKARVAR

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**
Relativt fåtalig, men regelmessig art på fjorden haust og vinter. Storskarven av nominatunderarten *P.c.carbo* hekkar ikkje sør for Trøndelag, men er ein vanleg vintergjest både på kysten og i fjordane i Hordaland. Ringfunn tyder på at den relativt nyetablerte bestanden av "mellomskarv" *P.c.sinensis* frå sør- og austlandet òg kan overvintra i Hordaland, det er difor ikkje usannsynleg at storskarvar på Bjørnefjorden kan kome frå to ulike bestandar. Ein del ungfuglar tilbringer det første leveåret i vinterkvartera, så arten kan treffast året rundt, sjølv om han er mest talrik om vinteren.

Toppskarv *P. aristotelis* **Ansvarsart vinterbestand**
Einaste kjende observasjon i Os er frå Haugsneset 9.2. 1984. Toppskarven er meir knytt til den ytre kysten, og førekjem aldri i indre delar av fjordane. Arten hekkar på ytre kyststripa på heile strekninga frå Rogaland til Finnmark, men fåtalig i Hordaland. Dei næraste koloniane i forhold til Os ligg heilt vest i Austevoll kommune.

STORKEFUGLAR

Gråhegre *Ardea cinerea*
Relativt vanleg art med næringshabitat både i ferskvatn og langs sjøstrendene. Hekkar vanlegvis i koloniar, oftast på øyar og holmar i skjergarden, der reira oftast ligg høgt i bartre. Om vinteren kjem det òg individ frå andre område, mellom anna er danske gråhegrer påvist overvintrande i Vest-Noreg.

Ein koloni på ca. 10 par er nemnt frå Dunholmen i Sandholmane naturreservat i 1991 (Lyssand 1993). Ein annan koloni ligg på Brattholmen i Vågsholmen naturreservat. Denne kolonien vart først omtala i 1998, men var intakt i 2004. 6 vaksne og 12 ungfuglar vart registrert her 30. juni. Dette er ein typisk kolonistorleik for Hordalandskysten (storleik ofte mellom 5 og 20 reir).

Stork *Ciconia ciconia*
Observert ein gong i Os, på Lunde 12.10. 1999 (Mjøs & Solbakken 2001). Svært sjeldan art i Noreg, bestanden i Nordvest-Europa har gått kraftig tilbake på 1900-talet.



Dvergdykkaren er ikkje påvist hekkande i Os, men observasjonar i Ulvenvatnet i hekketida kan tyde på hekking. Dette individet vart ringmerka ved Ulvenvatnet 12/9-1996. Foto: Ingvar Grastveit.



Gråhegre. Foto: Arnold Håland.

ANDEFUGLAR

Knoppsvane *Cygnus olor*

Hekkar ikkje i Os, men er observert fleire gonger, både vinter- og sommarstid. Fem fuglar (to vaksne med tre ungar frå året før) heldt seg i Ulvenvatnet i april-mai 1996 (Håland mfl. 1997). 15 mai 1997 vart ein ungfugl påvist same stad. I 1998 vart eit par etablert i området ved Kuven. Reir vart påbegynt, men hekkinga avbroten. Frå dei fire åra 2000-2003 føreligg det ikkje informasjon frå vatnet. Arten vart ikkje registrert under viltkartlegginga.

Knoppsvanen ekspanderer frå sør og hekkar no i tre kommunar i Sunnhordland (Etne, Sveio og Fitjar). Det er ikkje usannsynleg at arten kan etablere seg som hekkfugl i Os, i så fall mest truleg i Ulvenvatnet, men Osvassdraget har også fleire potensielle hekkeplassar for arten.

Songsvane *Cygnus cygnus*

Sjeldan (R)


Songsvanen er ein vanleg vintergjest i ferskvatn i Os. Opptil 130 individ har overvintra i Osvassdraget dei seinare åra, og vassdraget er dermed den viktigaste overvintringslokaliteten i Hordaland (men førekomsten av songsvane i Osvassdraget må òg sjåast i samanheng med Kalandsvassdraget i Bergen kommune, som deler på denne bestanden). Arten er også observert regelmessig i Ulvenvatnet.



Osvassdraget er saman med Kalandsvassdraget den viktig overvintringslokaliteten for songsvane i Hordaland. Foto: Arnold Håland.

Grågås *Anser anser*

Grågåsa hekkar i Bjørnefjorden, som lenge har vore eit av kjerneområda for arten i Hordaland etter at bestanden tok til å auke på 1970-talet (Håland 1979b). I Os er par observert jamleg i Sandholmane naturreservat sidan midten på 1990-talet. Elles er øyane nord for Våge i Tysnes det viktigaste området for Grågåsa i Bjørnefjorden. Småflokkar besøker også dyrka mark i Os, særleg ved Ulvenvatnet, men kan også treffast på lenger oppover langs Osvassdraget. T.d. vart to fuglar sett ved Tøsdalsvatnet 16.5. 2004, og opplysningar frå lokalbefolkninga tydar på at paret hekka.



Grågås i Ulvenvatnet. Foto: Arnold Håland

Hekkebestanden i Os er truleg 2-5 par. Bestanden langs kysten av Hordaland er i jamn vekst, så mest truleg vil ein også kunne sjå ein viss vekst i den lokale bestanden i Os dei neste åra.

Kanadagås *Branta canadensis*

Fåtalog, men fleire observasjonar av småflokkar langs Osvassdraget på 1980-talet. Maks 9 ind. på Gåssand 28.7. 1985. Arten er innført til Noreg frå Nord-Amerika.

Kvitkingås *Branta leucopsis*

Våren 2004 vart det observert ein flokk på 17 ind. som trakk mot nord over Lunde 19.5. Dette er truleg første observasjonen av arten i Os. Kvitkingåsa følgjer den ytre kystlina av Hordaland på trekket til og frå hekkeplassane på Svalbard vår og haust og er sjeldan å sjå såpass langt inne i landet.

Brunnakke *Anas penelope*

Hekkar ikkje, men finst i småflokkar vinterstid, t.d. 2 ind. I Ulvenvatnet 26.12. 1999 og 7 ind. I Tøsdalsvatnet 31.12. 2003. Enkeltindivid og småflokkar er sett ved Ulvenvatnet haust/vinter ved fleire høve 2002-2004. Generelt sjåast brunnakken oftast i småflokkar, særleg i samband med hausttrekket i perioden september-oktober.

Krikkand *Anas crecca*

Er nest etter stokkanda den "vanlegaste" grasanda. Hekkar nokre stader i ferskvatn, mellom anna i Ulvenvatnet der 3-4 par hekka i 1996-97 (Håland mfl. 1997, 1998). Sjåast også ofte i moderate tal under trekket vår og haust.

Stokkand *Anas platyrhynchos*

Vanlegaste and i ferskvatn, men ikkje talrik. Hekkar i dei fleste større ferskvatna i Osvassdraget. 3-4 par hekkar ved Ulvenvatnet. Storleiken på hekkebestanden i kommunen er ikkje kjent, men ligg truleg på 20-40 par. Sjåast elles i opne ferskvatn og langs kysten vinterstid.

Skeiand *Anas clypeata*

Sjeldan (R)

Sjeldan og tilfeldig gjest. Tre kjende observasjonar: 3 ungfuglar ved Gåssand 19.9. 1985, ein hann Gåssand 4.8. 1986 og ein i flukt over Osøyro 31.10. 2001. Arten er ikkje funnen hekkande i Hordaland.

Taffeland *Aythya ferina*

Taffelanda har ei austleg utbreiing og er ein sjeldan trekk- og vintergjest i Hordaland. I Os er arten observert fire gonger (LRSK): 2 hannar i Hetteflotvatnet 12.10. 1975, 16 hannar og 4 hoer i Ulvenvatnet 12.11.1978 (Håland 1979a), 3 hannar på Gåssand 3.1.1985 og ein hann ved Søfteland 23.1.1994.

Topppand *Aythya fuligula*

Påvist hekkande i Ulvenvatnet i 1997 (Håland mfl. 1998), men ingen indikasjon på hekking i 2004. Vanleg i moderate tal utanom hekkesesongen, på trekk og som overvintrande. Held seg stort sett i ferskvatn.

Bergand *Aythya marila*

Bør overvakast (DM)

Sjeldan trekk- og vintergjest. Observert nokre få gonger i Ulvenvatnet, Osvassdraget og i brakkvassona ved Osøyro seinhaust og vinter. Hekkar i Hordaland berre fåtalig på Hardangervidda.

Ærfugl *Somateria mollissima*

Hekkar spreidd langs kysten, mest i vestlege delar av kommunen. Berre 12 hoer vart påvist under viltkartlegginga i juni 2004, noko som indikerer ein tynn bestand. Arten førekjem noko meir vanleg vinterstid, men det føreligg ikkje bestandstal.



Stokkanda er den vanlegaste andearten i Os, som elles i fylket, og kan sjåast året rundt, både i ferskvatn og på sjøen. Arten er likevel ikkje direkte talrik og bestanden i Os blir anslått til 20-40 hekkepar. Foto: Alf Tore Mjøe.

Havelle *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**
Fåtalig vintergjest. Småflokkar kan sjåast på fjorden i perioden oktober-april. Lite konkrete data frå Os. Hekkar i Hordaland berre svært fåtalig på Hardangervidda.

Svartand *Melanitta nigra* **Bør overvakast (DM)**
Sjeldan trekk og vintergjest. Det føreligg ein observasjon frå Gåssand 14.10. 1986 samt fleire observasjonar frå Ulvenvatnet. Arten er elles ganske vanleg som overvintrande i saltvatn i ytre kyststrok av Hordaland, men konkrete observasjonar frå fjordområda i Os er ikkje kjent. Hekkar i Hordaland berre fåtalig i Stølsheimen og på Hardangervidda.

Sjørre *Melanitta fusca* **Bør overvakast (DM)**
Skal ha vorte observert i Ulvenvatnet ein gong (udatert, men truleg om vinteren). Sjørre førekjem fåtalig i Bjørnefjorden vinterstid (t.d. ved Vinnesleiro i Fusa og ved Fluøyane i Tysnes), men det føreligg ingen observasjonar frå Os-sida. Hekkar i Hordaland berre fåtalig på Hardangervidda.

Kvinand *Bucephala clangula*
Kvinanda hekkar ikkje i Os, men fleire tusen individ kjem austfrå for å overvintra i Hordaland kvart år. Arten kan sjåast både i saltvatn og ferskvatn, vanlegvis mellom oktober og april. Store konsentrasjonar er ikkje kjent frå Os, men arten førekjem spreidd i heile Osvassdraget, også regelmessig i Ulvenvatnet. Enkeltindivid kan også førekome sommarstid.

Siland *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**
Silanda er ein av dei få andeartane som kan hekke både ved saltvatn og ferskvatn, og er tidlegare funnen hekkande både i nokre av sjøfuglreservata i kommunen og i Ulvenvatnet. Berre tre hoer og eit kull vart påvist i skjergarden i Os under viltkartlegginga i slutten av juni 2004, men kulla kan klekke seint. Bestanden tel truleg mellom 5 og 10 par i sjøområda i kommunen. Truleg hekkar silanda òg spreidd langs Osvassdraget. Arten er elles relativt vanleg på kysten av Hordaland vinterstid.

Laksand *Mergus merganser*

Som kvinanda, er laksanda ein art som helst har sine hekkelassar i den boreale barskogsona. I Hordaland er arten funnen hekkande nokre få gonger i indre strok. Arten er meir knytt til ferskvatn enn silanda og opptre årvisst i små tal m.a. i Osvassdraget (1-10 individ) frå oktober til april. Eit par vart observert på Øvredalsvatnet i mai 2006 (J. Øvredal).

ROVUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)**
Ansvarsart hekkebestand

Skal ha blitt funnen hekkande i Os sommaren 2005, men dette er ikkje endeleg stadfesta. Arten er etablert i fleire nabokommunar og etablering i Os har vore forventa. Elles sjåast streiffuglar, ofte ungfuglar, året rundt. Hekkebestanden i Hordaland har auka mykje dei siste 20 åra og tel no truleg nærmare 100 par.

Hønehauk *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**

Hønehauken er i hekketida knytt til større, samanhengande område med eldre furuskog på høge bonitetar. Nasjonalt, særleg på Austlandet og i Trøndelag, har hekkebestanden gått kraftig tilbake, truleg på grunn av omfattande flatehogst. I Os kjenner ein i dag fire intakte reirområde (det eine delast med Bergen), men berre tre av dei har vore jamleg i bruk dei siste ti åra. Ytterlegare tre-fire reirområde skal ha vore kjende på 1960- og 70-talet, men det er ikkje funne reir her i nyare tid. Bestanden i Hordaland er rekna til å vere 100-130 par (Bergo 1992, Overvoll 2004). Vinterstid er det ikkje uvanleg å sjå ungfuglar ved kulturmark og busette område.

Sporvehauk *Accipiter nisus*

Fåtalig hekkefugl i skog, hekkar gjerne i litt eldre granplantefelt. Mange sporvehaukar forlét landet om vinteren, men det er også mange som overvintrar i det milde vinterklimaet på Vestlandet.

Musvåk *Buteo buteo*

Musvåken har ei søraustleg utbreiing i Noreg, men han har etablert seg med ein liten hekkebestand i sentrale strom av Hordaland dei seinare åra. På Bergenshalvøya vart arten funnen hekkande for første gong på grensa mellom Os og Bergen i juli 2000 (Falkenberg 2001). Førekost av musvåk i Os må sjåast i samband med at fleire par er påviste i Fusa og særleg på Tysnes dei seinare åra (Håland & Mjøs 2003). Musvåk er òg observert i Hegglandsdalen og ved Hatvik våren 2004. Mykje kan tyda på at musvåken har hekka i Os også tidlegare. Ein ungfugl som vart skoten i Raudlia 22.7.1922 ligg i samlingane ved Zoologisk Museum, Bergen. Arten er elles observert fleire gonger i Os utanom hekketida, m.a. i Lio hausten 2003 (M. Lien).

Fjellvåk *Buteo lagopus*

Fjellvåken er ein av dei vanlegaste rovfuglane på Vestlandet. Ei par hekkeplassar er kjent i Os (J. Øvredal), men det er sannsynleg at fleire par kan hekke i dei indre Osfjella i gode smågnagarår. Fjellvåken er trekkfugl som kjem i april og forlet landet i september-oktober, ein sjeldan gong kan nokre få individ overvintra på Vestlandet.

Kongeørn *Aquila chrysaetos*

Sjeldan (R)

Kongeørna er ikkje påvist hekkande i Os, men indikasjonar på hekking foreligg frå 2004. Streiffuglar, først og fremst unge individ, blir observert årvisst, særleg i vinterhalvåret.

Fiskeørn *Pandion haliaetus*

Hekkar i Noreg frå Vest-Agder og austover, oftast langs vassdrag med gode førekostar av karpfisk og gjedde. På Vestlandet blir fiskeørna oftast observert i trekketidene. I Os er det gjort 1-2 observasjonar om våren på 1950- og 60-talet; i tillegg til ein observasjon ved Gåssand 7.5. 1995.

Tårnfalk *Falco tinnunculus*

Tårnfalken hekkar sannsynleg i Osfjella, sjølv som dette enno ikkje er dokumentert. Arten finst ofte i overgangssona mellom skog og fjell og er m.a. observert ved Svinningen (J. Øvredal). Tårnfalken er trekkfugl som kjem i april-mai og trekkjer bort i august-oktober til vinterkvartér i Vest-Europa. Enkeltindivid kan overvintra langs Vestlandskysten.

Aftenfalk *Falco vespertinus*

Sjeldan gjest i Noreg som er observert ein gong i Os: Ein ungfugl ved Ulvenvatnet 6.-21.9. 1997 (Høyland, Heggland & Mjøs 2001).

Dvergfalk *Falco columbarius*

Dvergfalken kan hekka både i fjellterreng og langs kysten, men er ikkje funnen hekkande i Os. Arten er trekkfugl og blir oftast observert i samband med trekketidene i april og september-oktober, t.d. eit individ ved Søfteland 1.-22.9. 1986.

Jaktfalk *Falco rusticolus*

Sårbar (V)

Ansvarsart hekkebestand

Fåtalog og tilfeldig streifgjest. M.a. observert 28.10. 1990. Jaktfalken hekkar svært fåtalog i fjellet m.a. i indre delar av Hordaland, og dei vaksne fuglane heldt seg på eller nær territoriet året rundt. Ungfuglar trekker oftast ut mot mildare kystklima vinterstid.

Vandrefalk *Falco peregrinus*

Sårbar (V)

På 1970-talet var vandrefalken utrydningstruga, på grunn av bruk av DDT i landbruket. Bestanden er no over krisa og fleire av dei gamle hekkeplassane på Vestlandet er igjen i bruk. Ein kjenner enno ikkje til hekking i Os, men arten blir observert av og til. Ein skadeskoten ungfugl vart funnen ved Lysefjorden 7.9. 2003.

HØNSEFUGLAR

Lirype *Lagopus lagopus*

Lirype er mest vanleg i øvre delar av fjellbjørkeskogen og i område med mykje vier. Arten har status som "sannsynleg hekkefugl" i Os i Norsk Hekkefugldatabase. Lirype skal hekke i områda ved Møsnuken/Tøsdalsfjell, Midtseterfjellet/Renafjellet og Svinningen (J. Øvredal). Einaste konkrete, tidfesta observasjon vi har funne er ein territoriell fugl i Øvredalen 12.5. 1979 (Os lokallag 1980). Arten blir jakta i dei indre fjellområda. Status er nok at arten hekkar spreidd i fjellområda i Os, men bestandsstorleik og tettleik er ukjent.

Fjellrype *Lagopus mutus* **Ansvarsart hekkebestand**

Hekkar i dei høgastliggjande fjellområda på Svinningen og sørover mot Sauskoltan med anslagsvis 3-6 par (J. Øvredal). Bestanden kan nok variere ein del.

Orrfugl *Tetrao tetrix*

Hekkar fåtalog i område med halvopen furuskog, lynghei og lågtliggjande fjellområda i det meste av kommunen. Hanane spelar i april-mai, oftast kvar for seg. Store leikar er ikkje så vanleg i ytre strom på Vestlandet og er heller ikkje kjende frå Os i nyare tid. Ein veit lite om lokal bestandsstorleik og bestandsvariasjonar, men det kan sjå ut til at bestanden i kystområda mange stader er i tilbakegang, kanskje som ei følge av attgroing av lyngheiområda og at skogen "kryp" oppover.

Storfugl *Tetrao urogallus*

Storfuglen er knytt til større, samanhengande område med eldre furuskog, helst bærlyngfuruskog. Spelplassane (tiurleikane) er ofte plasserte i litt åpnare område, som på høgareliggjande kollar eller halvopne myrflater. Storleiken på bestanden og tal fuglar på leikane er avhengig av arealet på leveområdet rundt leiken, med andre ord kor mykje intakt naturskog som finst. I Os kommune kjenner ein sju leikområda, og bestanden er truleg om lag 35-40 spelande tiurar. Hogst av gamalskog og treslagskifte er blant dei viktigaste trugsmål mot den lokale bestanden.



Spelende tiur. Sju tiurleikar er kjent i Os, men dagens status (stabilitet og tal på fugl) er ukjent for fleire av dei. Å skaffe oppdatert kunnskap om desse leikane bør vere ei prioritert oppgåve. Foto: Alf Tore Mjøs.

Fasan *Phasianus colchicus*

Fasanen høyrer ikkje til den naturlege faunaen i Noreg, men er sett ut som jaktobjekt enkelte stader. Rundt midten av 1930-talet vart ein del fuglar slepte ut ved Lysekloster. Det ser ikkje ut til at arten klarar å etablere ville populasjonar på våre kantar av landet.

TRANEFUGLAR

Vannrikse *Rallus aquaticus* **Sjeldan (R)**

Vannriksa er ein fåtallig hekkefugl i Noreg. Arten finst ved næringsrike ferskvatn, som oftast i takrørvegetasjon, men på Vestlandet helst i vinterhalvåret då fuglar lenger austfrå trekkjer ut mot område med mildare vinterklima. Arten er enno ikkje påvist hekkande i Hordaland, men mykje tyder på at arten hekkar m.a. i Ulvenvatnet. Natta mellom 12. og 13. juni 2004 var det heile tre syngande fuglar på Kuvensida av vatnet. Observasjonen av fleire syngjande individ på ein potensiell hekkelokalitet er unik i fylkessamanheng og truleg den mest oppsiktsvekkjande observasjonen i samband med viltkartlegginga. Arten er tidlegare observert fleire gonger ved Ulvenvatnet i september, men det *kan* ha vore fuglar austfrå som tidleg var på plass på overvintringsplassen. Vannriksa er òg rapportert som "truleg hekkande" i Lønningdal i 1993 (Øvredal 1993).

Myrrikse *Porzana porzana* **Sjeldan (R)**

Myrriksa er trekkfugl og ein sjeldan art i Noreg, med om lag 20 observasjonar i året. Arten dukkar vanlegvis opp i mai og gir seg til kjenne med høglydte "plyytt-plyytt". Førekjem i næringsrike våtmarker, men vanlegvis ikkje i takrør. Arten er ikkje registrert som hekkande i Os og ingen observasjonar er gjort av syngande fuglar i hekketida. Hausten 1996 vart tre ungfuglar fanga og ringmerka i Ulvenvatnet i perioden 29.8.-13.9 (Pedersen 1997). Dette *kan* tyde på hekking på lokaliteten dette året.

Åkerrikse *Crex crex* **Direkte truga (E)**

Åkerriksa var nok ein relativt vanleg hekkefugl på kulturmark i Os før i tida. Frå midt på 1900-talet gjekk bestanden av åkerrikse kraftig tilbake, og mange stader forsvann arten heilt. Denne utviklinga var også merkbar i Os (Øvredal 1993). Årsaka var i hovudsak endra driftsformer i jordbruket med maskinell slått og tidlegare slått. I nyare tid er åkerriksa berre observert eit par gonger i Os: På Søfteland 8.6. 1988 og eit individ krekse på Bø i heile juni 1998 (J. Øvredal). Åkerriksa er trekkfugl som dukkar opp i mai-juni og trekker ut av landet i september-oktober. Alle observasjonar ønskast innrapportert!

Sivhøne *Gallinula chloropus*

Sivhøna er observert eit fåtal gonger i Ulvenvatnet, mellom anna ein ungfugl i november 1990. I tillegg var to fuglar ved Hegglandsvatnet 18.11. 1979, ein ungfugl i Oselva i desember 1979 medan ei sivhøne vart sett i elva på Osøyro 27.12. 1993. Sivhøna hekkar i næringsrike ferskvatn, men er ein sjeldan hekkefugl på Vestlandet. Sjåast hos oss oftast i vinterhalvåret.

Sothøne *Fulica atra*

Sothøna er påvist hekkande ein gong i Os, eit par fekk fram to ungar i Ulvenvatnet sommaren 1990. Også i 1991 var eit par å sjå i Ulvenvatnet om våren, og ein fugl vart observert i



Sothøne i Ulvenvatnet. Foto: Arnold Håland.

august utan at det vart konstateret hekking. Også i samband med viltkartlegginga i 2004 vart ein vaksen fugl observert i Ulvenvatnet (10. juni). Ein kjenner også til om lag fem observasjonar frå vinterhalvåret i Ulvenvatnet i perioden 1979-1997. Arten er òg observert overvintrande ved Osøyro 23.1. - 3.3. 1979. Sothøna hekkar i næringsrike ferskvatn, i Noreg helst på kyststripa frå Rogaland til svenskegrensa. Arten er ein sjeldan hekkefugl i Hordaland, sjølv om bestanden har tatt seg merkbar opp på Bergenshalvøya på 2000-talet (Håland 2005).

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Ganske vanleg hekkefugl langs strandsona over det meste av kommunen. Under viltkartlegginga vart det i slutten av juni i 2004 registrert 38 individ på 13 lokalitetar. Tjelden er trekkfugl som dukkar opp i mars og forlét landet i august-september. Dei fleste held seg rundt Nordsjøen og langs kysten av Frankrike vinterstid.



Tjeld. Foto: Alf Tore Mjøs.

Sandlo *Charadrius hiaticula*

Fåtallig trekkgjest. Einaste sikre observasjon vi kjenner er ein ved Steinnessfjorden 20.9. 1979. Sandloen har sine næraste hekkeplassar ved Flesland i Bergen (påvist hekkande i 2004).

Heilo *Pluvialis apricaria*

Heiloen hekkar sparsamt i fjellet, ovanfor skoggrensa i Osvassdraget. Reirfunn føreligg frå Renafjellet (J. Øvredal). Trekkfugl som kjem i april-mai og dreg i august-september. I samband med trekket rastar heiloen ofte i småflokkar på kulturmark.

Vipe *Vanellus vanellus*

Vipa er knytt til kulturmark i hekketida, oftast med våtmarker i nærleiken. Både vipa og fleire andre vadefuglartar har vist ein bestandsnedgang dei seinare åra. Årsakene ligg mellom anna i at små kulturmarker og våtmarker stadig blir regulerte til annan bruk. Under viltkartlegginga vart alle kulturmarksområda i Os undersøkte og talet på registrerte vipepar er summert i tabellen under. Nokre år på 1970-talet hekka det 4-5 par viper i Øvredalen. Ei årsak til at desse forsvann var truleg predasjon frå rev (J. Øvredal).

Lokalitet	Tal par
Tveitavatnet, Hegglandsdalen	0-1
Ulvenvatnet/Moberg	5-7
Gåssand*	0-1
Tøsdal	3-5
Lunde	ca. 10
Skeie	2
Hjortahaugen	1
Totalt	21-27

*Vipebestanden på Gåssand skal iflg. grunneigar ha vore større tidlegare på våren i 2004. Årsaka til at dei fleste fuglane forsvann er ukjend.



Vipe. Foto: Alf Tore Mjøs.

Dvergsnipe *Calidris minuta*

Berre ein observasjon er kjent frå Os: 9 individ ved Hauge 11.9.1983 (Osaland 1984). Dvergsnipe hekkar i nordlege og austlege delar av Eurasia, i Noreg berre sporadisk i Finnmark. I Hordaland er arten ikkje uvanleg på kysten i samband med hausttrekket i juli-september.

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Ein kjenner berre to konkrete observasjonar frå Os: Tre fuglar vart observerte på Raudholmen i desember 1979 og eit individ vart fotografert ved Bjørnmatrynet 29.10. 2004 (L.R. Lund). Arten førekjem nok vanlegare i Os enn desse få observasjonane skulle tilseie, og er nok ein årvisst gjest ved fjorden i trekkidene og vinterhalvåret. Som hekkefugl er fjøreplytten ein høgfjellsart og i Hordaland hekkar han m.a. på Hardangervidda. Overvintrar mellom anna på kysten av Hordaland, mest vanleg på den ytre kystlinja. Dette er normalt ikkje hekkefuglar frå Vestlandet.

Myrsnipe *Calidris alpina*

Fåtalog og uregelmessig trekkgjest. Småflokkar og enkeltindivid rastar stundom på kulturmark under hausttrekket i august-september. Observert ved Ulvenvatnet.

Brushane *Philomachus pugnax*

Fåtalog og uregelmessig trekkgjest. Småflokkar og enkeltindivid rastar stundom på kulturmark under hausttrekket i august-september. Frå Ulvenvatnet kan nemnast 4 ind. 20.8. 1990, 8 ind. 22.8. 1991 og 7 ind. 31.8. 1994. Næraste hekkelass er på Hardangervidda.

Kvartbekkasin *Lymnocyptes minimus*

Fåtalog trekk- og vintergjest. Hekkar ikkje på Vestlandet, men fuglar frå hekkeplassar lenger aust og nord rastar regelmessig under trekket om hausten (september-oktober). 16 individ vart fanga og ringmerka ved Ulvenvatnet haustane 1994-96, noko som tyder på at arten er regelmessig i noko mindre tal enn enkeltbekkasin.

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*

Fåtalog hekkefugl ved våtmark og fuktig kulturmark. Trekkfugl som kjem i april og forlet landet i september-november. Nokre få freistar å overvintra i milde vintrar. Som vipa er arten knytt til fuktmark/våtmark, oftast inntil kulturmark. Bestanden har minka i tal dei siste tiåra, men framleis hekkar enkeltbekkasinen med ein liten bestand langs Ulvenvatnet, og med mindre lokale hekkebestandar fleire andre stader i Os, til dømes langs Osvassdraget. Ulvenvatnet er òg ein viktig rasteplass under trekket. På gode dagar kan ein sjå fleire titals individ i myrområda langs Kuven, både vår og haust. 21 individ vart ringmerka her i august-september 1996.

Dobbeltbekkasin *Gallinago media* Oms. krev. (DC)

Svært sjeldan trekkgjest. 1 individ vart observert ved Lysekloster 25.10. 1964 og 2 individ ved Ulvenvatnet 2.-3.9. 1996 (LRSK). Ein av fuglane frå Ulvenvatnet vart fanga og ringmerka.

Rugde *Scolopax rusticola*

Ganske vanleg art i skogsterreng. Einaste vadefuglarten som hekkar i tett skog. Trekkfugl som dukkar opp frå slutten av mars og trekker bort i oktober-desember. Nokre individ gjer forsøk på overvintring. Er ganske vanleg under trekket om hausten, og rugdejakt med ståande hund er den mest populære småviltjakta i Os.

Lappspove *Limosa lapponica*

Sjeldan trekkgjest. Eit individ vart fanga ved "Essostasjonen" og ringmerka ein haust på 1980-talet (J. Øvredal). Elles er eit udatert haustfunn frå Ulvenvatnet det einaste funnet i Os. Lappspova hekkar på myrar i den nordlege taiga- og tundrasona. Arten kan sjåast regelmessig langs kysten av Hordaland under vår- og hausttrekket, men er ikkje vanleg i indre strok av Hordaland. Mest talrik om hausten.

Storspove *Numenius arquata*

Ein kjenner ikkje til hekking i Os, men arten kan sjåast i samband med vår- og hausttrekket, t.d. 22 ind. ved Hauge 14.4.1979. Fleire observasjonar om hausten frå Ulvenvatnet. Storspova hekkar spreidd i låglandet i Hordaland, på kulturmark og område med mykje lynghei, ofte ein kombinasjon av dei to naturtypene. Trekkfugl, som kjem i mars-april og trekker ut av landet i perioden juni-september.

Raudstilk *Tringa totanus*

På same måten som for vipe og enkeltbekkasin, er raudstilk knytt til våtmarker ved kulturlandskapet når han hekkar i låglandet. Og som dei to andre nemnde artane har også raudstilk blitt sjeldnare. På Ulvenvatnet hekkar raudstilk i 1996, men ikkje i 1997 (Håland mfl. 1998). Data frå Norsk Hekkefugldatabase, tyder på hekking på minst to lokalitetar, truleg tre. Arten vart ikkje observert under viltkartlegginga i 2004, og mykje tyder på at raudstilk no er heilt borte som hekkefugl frå Os. Arten kan og hekke på holmar i saltvatn, men vart ikkje påvist i sjøfuglreservata i Os i 2004.



Raudstilk. Foto: Ingvar Grastveit.

Gluttsnipe *Tringa nebularia*

Førekjem truleg årvisst i små tal under trekket, men få observasjonar frå Os. Ein observasjon er kjend frå Hauglandsvatnet 18.8. 1979 og ein tidleg haustobservasjon vart gjort i Øvredalen 4.8. 1998 (J. Øvredal). Gluttsnipe hekkar ikkje i Hordaland, men på skogsmyrer i den boreale barskogsona og det subalpine bjørkebeltet. Arten dukkar opp regelmessig i Hordaland i samband med trekket, først og fremst i mai og august.

Skogsnipe *Tringa ochropus*

Ingen indikasjonar på hekking i Os. To observasjonar er kjent: Eit ind. ved Ulvenvatnet 6.8. 1991 og eit indi. vart sett ved utløpet av Tveitevatnet i Hegglandsdalen 23.4. 2004 i samband med viltkartlegginga. Skogsnipa er elles ein sjeldan hekkefugl på skogsmyrer i Hordaland, ofte i furuskog.

Grønstilk *Tringa glareola*

Ein observasjon i samband med hausttrekket er einaste registrering i Os: Ein fugl vart fanga og ringmerka ved Ulvenvatnet 2.9. 1996. Grønstilken er trekkfugl som berre tidvis hekkar i Hordaland på delar av Hardangervidda. Arten er vanleg lenger aust og nord i landet, både på skogsmyrar og i vierbeltet i fjellet. Kjem i april-mai og trekker bort i juli-september.

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*

Hekkar langs dei fleste vatn og vassdrag i Os. Strandsnipe er den einaste vadefuglen som er vanleg langs strender og elvar i næringsfattige vatn og vassdrag. Er truleg den mest talrike og utbreidde vadefuglarten i Hordaland. Trekkfugl som dukkar opp frå slutten av april og trekker ut av landet i juli-august.

JOAR, MÅSAR OG TERNER

Tjuvjo *Stercorarius parasiticus*

Arten hadde tidlegare ein liten hekkebestand i Bjørnefjorden, men er no heilt borte som hekkefugl frå dette området. Arten vart heller ikkje observert under viltkartlegginga i 2004. Sikre hekkefunn er ikkje gjort i Os, men arten er tidlegare observert fleire gonger i dei nære fjordstroka. I dag er tjuvjoen nesten borte som hekkefugl i Hordaland. Trekkfugl som kjem i april-mai og trekker bort tidleg på hausten.

Hettemåse *Larus ridibundus*

Førekjem regelmessig i små tal vinterstid, men hekkar ikkje i Os.

Fiskemåse *Larus canus*

Fiskemåsen er den mest talrike sjøfuglarten i Os. Ved teljingar under viltkartlegginga i slutten av juni (i ungetida) vart det påvist 591 individ, det meste av dette (94%) fordelt på 5 koloniar. Den største kolonien låg i Sandholmane naturreservat, med 305 vaksne fuglar, noko som indikerer mellom 150 og 200 hekkande par. Dette er same bestandsnivå som i 1979 og 1981. Arten overvintrar også i kommunen, men er i stor grad trekkfugl. Fuglar som overvintrar i Os, kan òg godt kome langvegs frå.

Sildemåse *Larus fuscus*

Under viltkartlegginga i 2004 vart 55 vaksne fuglar påvist fordelt på tre koloniar, 37 av dei i Raudholmane naturreservat. I forhold til bestandsnivået for 25 år sidan, er dette ein klar auke. Men bestanden må framleis reknast som liten. Arten kan elles sjåast i små tal i ferskvatn, til dømes langs Osvassdraget, men hekkar ikkje ved ferskvatn i kommunen. I Vest-Noreg hekkar underarten *L.f.intermedius*, den litt lysare underarten *L.f.graellsii* er ein sjeldan gjest. Ein vaksen fugl av denne underarten vart observert på Søfteland 1.5. 1999 (Falkenberg 2000).

Sildemåsen er den einaste måsen som heilt trekkjer ut av landet i vinterhalvåret. I august-oktober dreg dei til vinterkvartér som strekkjer seg frå Vest-Europa og sørover til Vest-Afrika. Dei returnerer frå slutten av mars, men ungfuglane kjem sjeldan att før dei er 3 år gamle og har fått vaksen fjørdrakt.

Gråmåse *Larus argentatus*

Gråmåsen er ein vanleg art i Os året rundt, men hekkar relativt fåtalig. I 2004 var arten etablert på fire lokalitetar med

41 vaksne individ, flest (13) i Raudholmane naturreservat. Storleiken på bestanden i Os ligg mellom 25 og 30 par. Gråmåsen hekkar ikkje før han er fullt utfarga, ca. 5 år gammal. Talet på ikkje-hekkande ungfuglar og halvaksne fuglar er difor ofte større enn hekkebestanden.



Dei fire vanlege måseartane langs Hordalandskysten. Frå toppen: Fiskemåse (Foto: A. Håland), gråmåse (I. Grastveit), sildemåse (A. Håland) og svartbak (I. Grastveit).

Grønlandsmåse *Larus glaucooides*

Arktisk art frå Grønland som besøker Vest-Noreg ein sjeldan gong om vinteren. Liknar den større og kraftigare polarmåsen. Ein godkjent observasjon frå Os: Ein eldre subadult (3. vinterdrakt) utanfor Osøyro 6.1. 2001 (Falkenberg 2002).

Polarmåse *Larus hyperboreus*

Arktisk art som besøker Vest-Noreg årvisst i små tal vintertid. Noko vanlegare enn grønlandsmåsen. Ein observasjon frå Osøyro 23.1. 1983.

Svartbak *Larus marinus* Ansvarsart hekkebestand

Svartbaken er vanleg å sjå i Os-skjergarden, men hekkebestanden er ikkje stor. 11 par vart registrert i slutten av juni 2004. Som for gråmåsen er talet på ikkje-hekkande fuglar vesentleg større enn hekkebestanden.

Krykkje *Rissa tridactyla* Ansvarsart hekkebestand

Krykkja viser seg sjeldan inne i fjordane på Vestlandet, sjølv om arten til tider kan vere svært talrik ved den ytre kyststripa. Berre ein observasjon er kjent frå Os: Ein fugl ved Osøyro 23.1. 1983.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Makrellterne har tradisjonelt hatt ein god bestand på nokre av øyane i Bjørnefjorden, særlig i Sandholmane naturreservat. Ternekolonien her var vesentlig mindre i 2004 enn ved kartlegginga for over 20 år sidan. Samla vart berre 86 vaksne påvist i kommunen i 2004, fordelt på 5 koloniar. Reproduksjonen var imidlertid rimeleg god.

Ternekoloniar flyttar mykje rundt, særlig dersom dei blir mykje plaga av mink eller uroa på andre måtar. Tidlegare registrerte hekkerekomstar i Os er lista i tabellen under.

Lokalitet	Status	Årstal ¹	Tal par
Vågsholmen NR	Reservat	1979	39*
Perholmen NR	Reservat	1979	54*
Raudholmane NR	Reservat	1997	15
Sandholmane NR	Reservat	1981	88*
Kubbholmen NR	Reservat	1979	12
Svartaskjeret	Ikkje verna	1993	30-40
Jøtlandskjeret	Ikkje verna	1993	30
Skjer Lindholmen	Ikkje verna	1979	35*
Løkholmen	Ikkje verna	1997	60
Basholmskjeret	Ikkje verna	1997	60
Ulvenvatnet	Ikkje verna	1998	50

¹ Årstal med høgaste bestandstal

* Teljingar som ikkje har skilt på makrellterne og raudnebbterne. Her kan ein gå ut frå at det meste er makrellterne.



Makrellterne. Foto: Ingvar Grastveit.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Vanleg art å sjå i Bjørnefjorden og langs vestsida av kommunen. Raudnebbterna hekkar ofte saman med makrellterner i ternekoloniane, men berre nokre få av dei nær 500

vaksne ternene som vart registrert i 2004 hekka denne sesongen. På holmen i Ulvenvatnet er det ein ternekoloni av skiftande storleik, her var raudnebbterna den dominerande arten i 1996 og 1997 med høvesvis 15 og 30-40 par (Håland mfl. 1998). Trekkfugl som kjem i mai og trekker bort i juli-august.

ALKEFUGLAR

Lomvi *Uria aalge*

Sårbar (V)

Nokre få observasjonar frå Os er omtalte i litteraturen, men truleg førekjem arten regelmessig på fjorden i små tal dei fleste vintrar. Den norske hekkebestanden er redusert til 3-5 % av nivået frå nokre få tiår sidan. Arten har blitt meir sjeldan også i Hordaland i seinare år, men framleis ikkje noko særsyn om hausten og vinteren. Ein stor del av fuglane som ligg langs kysten av Sør-Noreg vinterstid er britiske fuglar, noko som er vist ved ringmerking. Den britiske bestanden har ikkje minka like dramatisk som den norske.

Alke *Alca torda*

Fåtalig og tilfeldig gjest. Sjeldnare enn lomvi i vestnorske fjordar haust og vinter. Ein konkret observasjon er kjent frå skriftlege kjelder: Eit ind. ved Strønebrua 11.3. 1979 (Eiken 1980). Truleg er arten årvisst i små tal i fjorden utanfor Os, særlig i oktober-november.

Teist *Cephus grylle*

Bør overvakast (DM)

Arten vart registrert som sannsynleg ynglefugl i Os i samband med fugleatlasarbeidet på 1970- og 80-talet. Eit par hekka tidlegare på Hundafleso, der to ungar vart ringmerkte på 1970-talet (J. Øvredal). Tidlegare fanst ein liten bestand i Bjørnefjorden, men det er lite truleg at arten hekkar i dag. Truleg kan ein framleis sjå streiffuglar i vinterhalvåret, men konkrete observasjonar manglar.

Alkekonge *Alca alle*

Einaste innrapporterte observasjonen frå Os er frå Røttinga 13.12. 1979, men arten førekjem nok meir vanleg enn dette skulle tilseie. I vinterhalvåret, særleg i november-desember, ligg det alkekongar i betydelege mengder på kysten av Vestlandet, og arten er heller ikkje uvanleg litt inn i fjordane. Alkekongen er ein høgarktisk art som ikkje hekkar på det norske fastlandet.

DUER

Bydue *Columba livia* var. *domestica*

Påvist hekkande i Os sentrum, men storleiken på bestanden er ikkje kjent.

Ringdue *Columba palumbus*

Ganske vanleg art i skogsområde tilknytt dyrka mark. Trekkfugl, kjem i mars-april og trekker bort i oktober. Nokre kan overvintre enkelte vintrar.

Tyrkardue *Streptopelia decaocto*

Arten har t.d. ein god lokal bestand på Søfteland. Her kan ein tidvis sjå over 30 fuglar, t.d. 36 individ i 2002 (Lokøy 2002). Bestanden varierer nok ein god del mellom åra. Tyrkardua vandra inn til Noreg på 1950-talet, og har sidan spreidd seg til store deler av landet, men dei siste åra har bestanden gått tilbake. Arten er knytt til bystrok og kulturmarksområde.

Turteldue *Streptopelia turtur*

Sjeldan gjest frå Sør- og Mellom-Europa. Fire observasjonar i Os kommune (LRSK): 1 individ Lepsøy 19.9.1879, 1 individ Ferstad 1.7.1979, 1 individ ringmerka ved Hauge 6.10.1984 og 1 individ ved Ulvenvatnet 30.9.1989.

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Fåtalig, men ikkje uvanleg hekkefugl. Reirparasitt som legg egg i andre fuglearter sine reir. Mest vanleg å i halvøpe terreng, t.d. i bjørkebeltet. Trekkfugl som dukkar opp i første halvdel av mai og vanlegvis forsvinn i juli-august. Nokre ungfuglar kan ein sjeldan gong sjåast seinare på hausten.

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Sårbar (V)

Mogleg sjeldan hekkefugl. Det finst opplysningar om to eldre lokalitetar som framleis kan vere hekkeområde (Fylkesmannen i Hordaland), men opplysningane er ikkje sikre. Arten er vanskeleg og arbeidskrevjande å kartlegge. I 1979 vart to fuglar funne, ein død og ein med brekt vinge, under kraftleidningar i kommunen (Haukeland 1979b), noko som illustrerer ei av årsakene til at arten har blitt sjeldnare.

Snøugle *Nyctea scandiaca*

Sårbar (V)

Ein observasjon føreligg frå Drange 12.10.1980 (LRSK).

Haukugle *Surnia ulula*

Sjeldan og tilfeldig streifgjest. Haukugla er vanlegvis utbreidd i den boreale barskogsona og førekjem berre sporadisk på Vestlandet. Hausten 1983 invaderte store mengder haukugler Sør-Noreg og store delar av Nord-Europa, truleg etter at ein god hekkesesong vart følgd av matmangel (arten lever av smågnagarar som har store bestandsvariasjonar i nordområda). Av 350 fuglar som var rapportert frå Hordaland i perioden august 1983 til mars 1984, vart 21 individ registrert i Os (Jacobsen 1984). Enkeltindivid kan dukke opp år om anna, helst om hausten. M.a. vart eit individ observert i Øvredalen hausten 2004 (J. Øvredal).



Kattugla er den vanlegaste ugle i Os som i resten av fylket.
Foto: Ingvor Grastveit.

Kattugle *Strix aluco*

Fåtalig hekkefugl knytt til lauvskog og kulturlandskap. Hekkar normalt i hole tre og fuglekassar, men kan også hekke i bygningar. Bestanden i Os tel truleg fleire 10-tals hekkande par. Arten er standfugl. Strengt vintrar kan nokre år redusere stamma kraftig.

Hornugle *Asio otus*

Einaste kjende observasjon er restar av eit dødt individ ved Ervikane, mars 1979 (Os lokallag 1980).

Jordugle *Asio flammeus*

Arten er registrert i Os i samband med Norsk Fugleatlas (1975-1985). Ein kjenner ikkje detaljane rundt dette funnet, anna enn at det ikkje var eit sikkert hekkefunn.

Perleugle *Aegolius funereus*

Streiffugl kan førekome i samband med såkalla invasjonar, og er m.a. høyrte ved Ulvenvatnet 8.6. 2002. Perleugla er knytt til den boreale barskogsona, men med jamne mellomrom (stort sett kvart tredje eller fjerde år) fører svikt i smågnagarpopulasjonane til at arten legg ut på vandringer mot sørvest. Under og i tida etter slike invasjonar kan dei observerast også i våre trakter.

Sporveugle *Glaucidium passerinum*

Observert "syngande" i Raudlia i april fleire år på rad på 1990-talet (J. Øvredal). Sjeldan art i Hordaland, men hekkar sannsynleg med ein liten bestand i Voss.

SEGLARAR

Tårnseglar *Apus apus*

Fåtalig hekkefugl. Sjåast regelmessig om sommaren. I juli 1979 var det ca. 8 aktive reir i spiret på Os kyrkje. Bestandssituasjonen i dag er uviss.

RÅKEFUGLAR

Isfugl *Alcedo atthis*

Sjeldan vintergjest. Første kjende observasjon av isfugl i Os vart gjort ved Øvredalsvatnet i september 1953 (J. Øvredal, meldt til førstekonservator J.F. Willgohs). Elles observert sju ulike vintrar i Os, i perioden 1971-1983 (LRSK). Alle observasjonane ligg innanfor perioden 4.9-23.3. Dei fleste observasjonane er frå området Hauglandssjøen-Hauglandsøyna ved Halhjem, men arten er også sett ved Solstrand fjordholt (Haukeland 1979a). Isfuglen er i Hordaland først og fremst ein sjeldan vintergjest. Arten hekkar berre unntaksvis i Noreg, og då på Austlandet. Nokre fuglar, truleg først og fremst frå svenske bestandar, overvintrar i Noreg, ofte ved saltvatn.

Hærfugl *Upupa epops*

Sjeldan gjest frå sørlege og austlege delar av Europa og Asia. To kjende observasjonar frå Os (LRSK): Eit individ frå 20.9.1908 ligg i samlingane ved Zool. Mus. Bergen, og ein fugl vart sett ved Moberg 31.10.1985.

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sårbar (V)

Vendehalsen var til ut på 1970-talet kjent som hekkefugl mellom anna frå Lysefjordområdet, Hegglandsdalen og Øvredalen, men status i dag er ukjent. Arten har blitt svært mykje sjeldnare dei siste tiåra, utan at ein kjenner årsakene til dette. Vendehalsen er den einaste regulære trekkfuglen blant spettefuglane våre. Han trekkjer i august-september til Afrika sør for Sahara, og returnerer frå slutten av april.



Eldre kystfuruskog med tilgang på ståande død ved er viktig for fleire spetteartar. Gadden på bildet har hakkemerke etter spettar (truleg kvitryggspett) på jakt etter treborande biller. Slike stammar er eit ganske vanleg syn i furuskogane i Os. Foto: Ingvar Grastveit.

Gråspett *Picus canus* **Omsynskrevjande (DC)**

Hekkefugl m.a. i kystfuruskogen, men må ha tilgang på osp. Skogsområda i Os hadde ein relativt god bestand av gråspett i perioden 1985-1994, truleg minimum 6-10 par. Dagens status er ikkje kjent, men det ligg ikkje føre nokon indikasjon på endringar i bestanden. Os kommune har eit klart forvaltningsansvar, for denne og fleire andre raudlisteartar i skog.

Grønspett *Picus viridis*

Grønspetten er meir knytt til rikare lauvskog enn dei andre spettane. Status i Os er usikker, men arten er nemnt som "sannsynleg hekkefugl" i Norsk Hekkefugldatabase. Utanom det kjenner ein berre få konkrete observasjonar, t.d. 1-2 individ ved Haukeland i okt.-nov. 1987 (Gjerde 1988).

Svartspett *Dryocopus martius*


Tilfeldig og svært sjeldan art på Vestlandet. Det føreligg to rapportar om observasjonar i Os (LRSK). Den eine er gamal og udatert og rapportert i Collett (1921). Den andre vart observert i flukt over Os sentrum 6.12. 1978.

Flaggspett *Dendrocopos major*


Relativt fåtalig som hekkefugl på Vestlandet. Funnen hekkande i Os t.d. ved Vindalsvatnet i 1989 og Lysekloster 1993. Også hekkeindikasjonar ved Søvikfjellet i 1981. Norsk Hekkefugldatabase viser hekkeindikasjonar i tre område, men ingen sikre reirfunn. Arten kan vere mykje vanlegare haust og vinter, sidan mange fuglar kjem trekkande nord- og austfrå enkelte haustar (såkalla invasjonar).

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* **Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. På same måten som gråspetten er kvitryggspetten i Os knytt til furuskogane, særleg dei rikare delane med innslag av bjørk og osp som er viktige reirtre.



Flaggspetten (foto) er mindre knytt til gammal skog enn t.d. kvitryggspetten. Arten utnyttar m.a. konglefrø som han hakkar ut i såkalla spettesmier. Foto: Alf Tore Mjøs.



I Os er kvitryggspetten knytt til eldre kystfuruskog. Tilgang på lauvtre er likevel viktig. Foto: Alf Tore Mjøs.

Arten er påvist hekkande fleire stader og den totale hekkebestanden vart for 15 år sidan vurdert til mellom 10 og 14 par (Håland & Ugelvik 1992). Arten er raudlista som sårbar i Noreg, og er saman med hønsehauken den arten som er mest avhengig av omsyn ved forvaltning av dei rikare delane av kystfuruskogen.

Dvergspett *Dendrocopos minor* **Omsynskr. (DC)**

Fåtalig hekkefugl. Dvergspetten er meir uforutsigbar med omsyn til krav til hekkeplass enn dei andre spetteartane, og

finst i fleire typar skog. Arten er påvist hekkande fleire gonger i Os, men storleiken på bestanden er ukjent. Maksimum tal par registrert i furuskogslandskapet i Os i perioden 1985-1994 var 3 par (Prosjekt Hvitryggspett, UiB), men lauvskogane i kulturlandskapet var ikkje inkludert i dette feltopplegget. Bestanden i Os kan sikkert vere 5-10 par i gode år, men bestanden varierer truleg nokså mykje.

Tretåspett *Picoides tridactylus*

Sjeldan art på Vestlandet. Ein observasjon føreligg frå Os: Ein hann, Vardefjell 28.4. 1988 (LRSK).

SPORVEFUGLAR

Songlerke *Alauda arvensis*

Fåtalog hekkefugl knytt til kulturmark. Reirfunn på Hauge 28.5. 1979 (Os lokallag 1980). Førekjem også fåtalog under trekket. Kjem i mars og trekkjer bort på seinhausten.

Sandsvale *Riparia riparia*

Har hekka i Os tidlegare, men ein kjenner ikkje aktive koloniar i dag. Sandsvalene er avhengig av tilgang på grustak eller jordskjeringar der dei kan grave ut reirhol. Slike biotopar er ofte temporære. I 1979 var det ein koloni på ca. 60 par på Kuventræ og ein annan på ca. 30 par på Kolskogen (Os lokallag). Kolonien på Kuventræ vart delvis øydelagt sist på 1980-talet og bestanden av sandsvale i Os er truleg ikkje særleg høg i dag (om dei i det heile tatt hekkar). Sandsvala er trekkfugl som overvintrar i Afrika, dei første kjem i slutten av april og trekker mot sør igjen i august-september.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Vanleg hekkefugl i driftsbygningar og liknande. I jordbrukslandskapet. Etter hekkinga kan låvesvaler samle seg på felles overnattingsplassar. Ein slik plass ligg i takrøyrbestanden på Kuvensida av Ulvenvatnet. På det meste var det 5000-10000 individ på denne overnattingsplassen, men dei siste åra har tala vore mykje lågare, gjerne i overkant av 1000 individ. Låvesvala overvintrar i sørlege Afrika. Ho kjem til Noreg i månadsskiftet april-mai og forsvinn gradvis i løpet av hausten, dei siste blir til byrjinga av oktober.

Taksvale *Delichon urbica*

Ganske vanleg hekkefugl. Hekkar kolonivis på bygningar, men i innlandet er også hekking i bergveggar vanleg (hekking i bergveggar er imidlertid ikkje kjent frå Os). Overvintrar i sørlege Afrika. Dei første dukkar opp hos oss i slutten av april, men dei fleste kjem i løpet av mai. Trekkjer mot vinterkvartéra i august-september.

Hybrid taksvale x låvesvale *D.urbica x H. rustica*

Som ein kuriositet kan det nemnast at ein hybrid mellom låvesvale og taksvale vart fanga og ringmerka ved Ulvenvatnet 17.8.1996 (LRSK). Det er berre ni funn av denne hybridene i Noreg.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl i Os. Karakterart i kystfuruskogen på Vestlandet, særleg i dei opnare, litt skrinne områda. Trekkfugl som dukkar opp frå slutten av april og trekker til Afrika, sør for Sahara på hausten (dei fleste forsvinn i slutten av august).

Heiplierke *Anthus pratensis*

Svært vanleg hekkefugl i ope og halvope terreng, mest talarik i fjellet men finst òg her og der i låglandet, t.d. i kystlynghei. Trekkfugl som dukkar opp i april og trekkjer bort i september-oktober. Dei fleste overvintrar i Vest-Europa og Nord-Afrika.

Lappiplerke *Anthus cervinus*

Svært sjeldan trekkgjest. Eit individ rasta på grasmark ved Hauge saman med ein flokk heiplierker 29.9.1990. Lappiplerka hekkar i Noreg berre i Troms og Finnmark, og har elles ei austleg trekkroute som sjeldan kjem innom Sør-Noreg.

Skjerpiplerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**

Skjerpiplerka er knytt til strandsona ved saltvatn, og er ein fåtalog art i skjergarden i Os (Drange & Sivertsen 1982). Er påvist hekkande på Raudholmane og Sandholmane (J. Øvredal). Delvis trekkfugl, mange trekkjer sørover til kystområde i NV-Europa om hausten, men ein del overvintrar.

Gulerle *Motacilla flava*

Enkeltindivid vart ringmerka ved Ulvenvatnet i samband med fangst av låvesvalar og linerler på overnattingsplass 8.9.1994, 22.8.1995 og 2.9.1996. Minst to observasjonar er gjort ved Ulvenvatnet i tillegg til desse. Eit vårfunn av ein hofugl ved Bjånes 4.5.1979 var truleg ein fugl som rasta i samband med vårtrekket. Er elles ein sjeldan art i låglandet i Hordaland. Nokre fuglar dukkar opp i samband med trekket, oftast er dette ungfuglar i august-september. Truleg er det snakk om underarten *thunbergii* (såerle) i dei fleste tilfella, det er denne som hekkar vanleg i fjellstrok lenger aust og nord i Noreg.

Vintererle *Motacilla cinerea*

Eit kull med tre ungar vart ringmerka ved Molda i 1993 (J. Øvredal). Eit par har hekka ved Lundetræet ved Oselva sidan 1993 og dei siste to åra (2005 og 2006) har det også hekka eit par ved Kampen, nedanfor Tømmernes. Vintererla hekkar utelukkande langs rennande vatn. Bestanden i Hordaland har auka dei siste åra, men arten er framleis ein nokså sjeldan hekkefugl. Trekkfugl som dukkar opp i slutten av mars og byrjinga av april.



Vintererla er ein fåtalog hekkefugl i Hordaland og berre funnen hekkande tre stader i Os. Foto: Frode Falkenberg.

Linerle *Motacilla alba alba*

Svært vanleg art, oftast på kulturmark, men òg langs ferskvatn. På same måten som låvesvale, kan linerler samle seg på felles overnattingsplassar om hausten. På det meste er 150 individ registrert i takrøyrvegetasjonen ved Ulvenvatnet (Håland mfl. 1997). Trekkfugl som kjem i april og trekkjer sørover i september-oktober.

Underarten svartryggerle (*M.a. yarellii*) er ein sjeldan gjest. To individ vart sett i Os 12.4.1955 (nærare lokalitet ikkje kjent), og eit ved Lysekloster 25.4.1993. Svartryggerla hekkar stort sett på dei britiske øyane, men er ein regelmessig gjest i små tal, i ytre delar av Hordaland, særleg tidleg på våren.

Sidensvans *Bombycilla garrulus*

Regelmessig gjest i vinterhalvåret, men tala varierar mykje frå år til år. Oftast i flokkar som varierar frå nokre titals til eit par hundre individ.

Fossefall *Cinclus cinclus*

Fåtalog hekkefugl langs rennande vatn. 8 reirplassar er registrerte i Os, men truleg hekkar 10-12 par. Hekkebestanden kan variere ein del, alt etter isforhold i elvar og vatn vinteren før. Mange overvintrar lokalt dersom vassdraga går opne, men nokre trekkjer ut av landet til sørlege delar av Austersjøen. Ein fugl ringmerka som reirunge ved Tøsdal i 2004 har seinare blitt kontrollert i Schleswig-Holstein, Tyskland både vinteren 2004/-05 og 2005/-06.

Gjerdsmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg art i skogsterreng og kantvegetasjon i heile kommunen. Delvis trekkfugl. Nokre trekkjer til utlandet eller ut mot kysten om vinteren, men mange blir også verande. Harde vintrar tar knekken på mange, og bestanden varierar i takt med vinterklimaet.

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg art, mest i bar- og blandingsskog. Trekkfugl som overvintrar i Mellom- og Sør-Europa. Dukkar opp i byrjinga av april og trekker bort i september-oktober.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*

Svært vanleg art i skog. Delvis trekkfugl. Dei fleste trekker til Mellom- og Sør-Europa, nokre til Nord-Afrika, men arten er framleis nokså vanleg om vinteren då dei ofte besøker fugebrett.

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalog hekkefugl. I Os har Øvredalen tradisjonelt vore eit bra område for raudstjert. I 1979 hekka seks par i kassar her. Arten finst òg andre stader i kommunen, særleg i furuskogane ved Gåssand og Raudlia. Raudstjerten har ei fåtalog og flekkvis utbreiing i Hordaland. Trekkfugl som kjem i mai og trekker bort i september-oktober til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Vanleg, men ikkje talrik art som trivst best i buskrike kantsoner mot dyrka mark. Skal ha vore langt meir vanleg før (J. Øvredal). Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i september til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Svartstrupe *Saxicola torquata*

Berre observert ein gong i Os: Ein ungfugl i Øvredalen 13.-15.10. 1973 (LRSK).

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Vanleg art i ope terreng i fjellet, men òg nokre stader i låglandet. Var meir vanleg før (J. Øvredal). Trekkfugl, kjem i april-mai og trekkjer bort i september-oktober til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Truleg fåtalog hekkefugl i overgangssona mellom skog og fjell i indre delar av kommunen. Arten er ikkje vanleg å sjå i låglandet i trekkidene heller, og ein kan fort tru at han er mykje sjeldnare enn det som er tilfellet. Trekkfugl som kjem til landet i april og trekkjer bort i september-oktober.

Svartrast *Turdus merula*

Svært vanleg art i dei fleste typar skogsterreng og i kantvegetasjon i kulturlandskapet. Delvis trekkfugl. Medan mange overvintrar, trekkjer store mengder til Storbritannia i vintermånadene. Desse returnerer stort sett i mars og byrjinga av april.



Svartrast. Foto: Ingvar Grastveit.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg, hekkar ofte i lause koloniar. Finst både i låglandet og i bjørkebeltet. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i oktober-november til vinterkvartér i Vest-Europa.

Måltrast *Turdus philomelos*

Svært vanleg hekkefugl i skogsterreng. Trekkfugl som kjem frå slutten av mars og utover i april, og trekker bort i oktober.

Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Svært vanleg hekkefugl i skogsterreng. Trekkfugl som kjem frå slutten av mars og utover i april, og trekker bort i oktober. Meir vanleg i høgareliggende skog enn måltrast.

Duestrast *Turdus viscivorus*

Hekka kanskje i Endelausmarka i 1995, då ei halefjør av ein ungfugl vart funnen ved eit hønsehaukreir. Dette er einaste kjende observasjon frå Os. Sjeldan hekkefugl elles i Hordaland.

Grashoppesongar *Locustella naevia*

Sjeldan art som er knytt til urterik og buskrik mark, ofte nær vatn. Eit individ vart ringmerka ved Flåten av Os ringmerkingsgruppe i mai 1970 (J. Øvredal). Ein fugl sang ved Ulvenvatnet 20.-26.5. 1992, ein annan vart ringmerka her 28.8.1999 (LRSK).

Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Fåtalog hekkefugl. Medan sivsogaren tidlegare fanst både i Hegglandsdalen og Øvredalen hekkar arten i dag truleg berre ved Ulvenvatnet, der hekkebestanden tel 3-4 syngande hannar i eit normalår. Vart òg registrert i mai 2004. Relativt fåtalog art i Hordaland elles. Held som regel til i takrøyr eller i buskmark ved ferskvatn.

Røyrsongar *Acrocephalus scirpaceus*

Påvist tre gonger i Os (LRSK), alle i samband med ringmerking: Hauge om.st. 21.8.1988 og Ulvenvatnet 21.8.1996 og 6.8.1997. Relativt sjeldan gjest på Vestlandet elles. Arten er trekkfugl som kjem seint til landet i mai-juni, alle funna i Os er gjort i samband med hausttrekket som normalt skjer i august-september.

Gulsongar *Hippolais icterina*

Fåtalog, men ikkje uvanleg i rikare lauvskog, ofte i oreskog. Trekkfugl, som kjem seint om våren (andre halvdelan av mai og byrjinga av juni) og trekker bort i august.

Møllar *Sylvia curruca*

Arten er observert to gonger i Os: Ein fugl ringmerka Hauge 8.8.1988 og ein fugl på Søfteland 22.8.1999. Relativt sjeldan art på Vestlandet som trivst best i halvopen småskog og buskmark. Trekkfugl som kjem i mai og trekker bort i august-oktober.

Tornsongar *Sylvia communis*

Framleis ganske vanleg art i halvopen buskmark, ofte inntil dyrka mark. Bestanden har truleg gått tilbake som følgje av endringar i kulturlandskapet. Trekkfugl, kjem i mai og trekker bort i august september til vinterkvartér i Afrika sør for Sahara.

Hagesongar *Sylvia borin*

Arten er observert, men ikkje funnen hekkande i Os. Det er likevel truleg at arten hekkar sporadisk og fåtalog i kommunen, på same måten som i store delar av fylket elles. På seinsommaren er ikkje arten spesielt uvanleg. I perioden 1985-1988 vart 46 ind. fanga og ringmerka på Hauge (Bjerkestrand 1989). Hagesongaren er ein av dei artane som er merkeleg fåtalog i Hordaland samanlikna med dei fleste andre stader i landet. Arten trivst i tett lauvskog, og er ein av dei seinaste trekkfuglane som kjem om våren, vanlegvis i andre halvdelan av mai. I august-september trekker dei ut av landet til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Munk *Sylvia atricapilla*

Vanleg art i rikare, tett lauvskog. Trekkfugl som kjem frå slutten av april og trekker bort i september-oktober. Dei fleste norske fuglar overvintrar i tropisk Afrika, men arten kan òg gjere forsøk på overvintring.

Bøksongar *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan og truleg langt frå årvis i Os. I følgje Norsk Hekkefugldatabase er arten funnen hekkande i kommunen. Øvre-dal (1993) antyd at arten har hatt ein liten bestand i kommunen, men at bestandsutviklinga har vore negativ frå slutten av 1980-talet. Bøksongaren er ein sjeldan art i Hordaland forøvrig. Er vanlegvis knytt til lauvskog med lite undervegetasjon. Trekkfugl, som kjem frå månadsskiftet april-mai og trekker bort i august-september til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Gransongar *Phylloscopus collybita*

Vanleg, men ikkje like talrik som den svært like lauvsongaren. I vår del av landet finst arten ofte i høgvaksten edellauvskog, men han kan òg finnast i andre skogtypar. Trekkfugl som kjem frå midten av april og trekker bort i september-oktober. Dei fleste overvintrar i Afrika. Det er sannsynleg at to ulike underartar, den nordlege *abietinus* og den sørlege *collybita* kan finnast i kommunen. I tillegg kan ein om hausten treffe overgangsformer mellom *abietinus* og den austlege underarten *tristis*, som er noko gråare i fjørdrakta.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Utvilsamt den mest talrike fuglearten i Os, som dei fleste andre stader i landet. Arten er vanleg i dei fleste skogstypar

og kan hekke med over 100 par/km². Trekkfugl, som kjem frå slutten av april og trekker bort i august-september.

Fuglekonge *Regulus regulus*

Vanleg art i barskog, og ein av dei få artane som har vorte vanlegare på Vestlandet som eit resultat av granplanting. Delvis trekkfugl. Nokre trekkjer sørover i Europa medan mange freistar å overvintre. I strenge vintrar bukkar mange under, og bestanden svingar mykje frå år til år. Dei som trekkjer bort i september-oktober returnerer i mars-april.

Raudtoppfuglekonge *Regulus ignicapillus*

Svært sjeldan gjest frå område lenger sør i Europa. Eit individ vart ringmerka på Hauge 4.10.1987 (Bentz & Clarke 1990). Dette var det første funnet av denne arten i Hordaland.

Gråflugesnapper *Muscicapa striata*

Nokså vanleg art i halvopen skog og kantsoner, ofte inntil bygningar eller dyrka mark. Kjem seint om våren, oftast i andre halvdelan av mai eller byrjinga av juni. Trekker til vinterkvartér i tropisk Afrika i august-september.

Svartkvit flugesnapper *Ficedula hypoleuca*

Vanleg art, ofte i hagar eller langs kantsoner i kulturlandskapet mot lauvskog. Hekkar i holer tre eller fuglekassar, og ofte er mangel på reirplassar den faktoren som avgrensar utbreiinga og storleiken på bestanden. Ved å henge opp fuglekassar kan ein ofte mangedoble talet på hekkepar. Trekkfugl som kjem til landet i mai og trekker bort i august-september.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Fåtalog og spreidd hekkefugl. Stjertmeisa er standfugl, sjølv om den nokre år kan opptre invasionsarta. Arten trivst best i rikare lauvskog, ofte i oreskogbeltet langs vassdrag, i bekkedalar og sumpskog.



Utanfor hekketida kan stjertmeisa sjåast i småflokkar som ofte består av familiegrupper. Kan også besøke fuglebrettet av og til. Foto: Alf Tore Mjøs.

Lauvmeis *Parus palustris*

Vanleg art i rikare lauvskogsområde. Holrugar. Standfugl.

Granmeis *Parus montanus*

Vanleg art. Meir knytt til bar- og blandingsskog, og oftare i høgare terreng enn dei fleste andre meiser. Holrugar. Standfugl, men ein sjeldan gong kan arten opptre invasionsarta.

Toppmeis *Parus cristatus*

Nokså vanleg, men på Vestlandet nesten utelukkande i furuskog. Standfugl. Holrugar.

Svartmeis *Parus ater*

Nokså vanleg art i barskog, mest i granskog. Relativt små treklynger kan ver nok som hekkeområde. Denne arten har vorte vanlegare på Vestlandet som eit resultat av granplanting. Standfugl, som nokre haustar kan opptre invasjonarsarta. Holrugar, men hekkar oftare i sprekker og holrom på bakken enn andre meiser.

Blåmeis *Parus caeruleus*

Svært vanleg art i låglandet. Trivst best i rikare lauvskog, men finst òg i blandingsskog. Stand- og streiffugl, mange trekker over betydelige avstandar, men sjeldan ut av landet. Holrugar.



Blåmeisa er ein vanleg art i lauvskog og ofte i tilknytning til bustadområde. Foto: Alf Tore Mjøs.

Kjøtmeis *Parus major*

Svært vanleg art, finst i dei fleste skogtypar. Stand- og streiffugl som sjeldan trekkjer utanlands. Holrugar.

Spettmeis *Sitta europaea*

Vanleg art i rikare lauvskogsområde. Standfugl som ein sjeldan gong kan legge ut på mindre vandringar. Holrugar.

Trekrypar *Certhia familiaris*

Spreidd og fåtalig hekkefugl som kan finnast i dei fleste skogstypar, men oftast i gammal skog. Delvis trekkfugl.

Tornskate *Lanius collurio*

Ein syngande hann vart observert i Øvredalen i mai/juni 1969 (J. Øvredal). Einaste frå før publiserte observasjon i Os er eit individ som vart ringmerka på Hauge hausten 1988 (Bjerkestrand 1989). Sjeldan art også elles i Hordaland, men er funnen hekkande på Tysnes.

Varslar *Lanius excubitor*

Sjeldan gjest i vinterhalvåret. Eit individ vart observert i Øvredalen i november 1979. Skal ha vore meir regelmessig gjest på 1970- og 80-talet (Øvredal 1993).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Relativt vanleg art i skog, men helst barskog. Arten har gradvis vorte meir vanleg på Vestlandet, men han har vore ganske vanleg i Os i alle fall tilbake til ca. 1980 (Drange & Sivertsen 1982). Stand- og streiffugl som kan opptre invasjonarsarta nokre haustar.

Skjor *Pica pica*

Svært vanleg art som stort sett finst ved busette område og jordbruksområde. Standfugl.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

Sjeldan art i Os. Eit individ vart ringmerka på Hauge hausten 1984. 5-6 individ vart observert i Øvredalen i 2000, men

er elles sjeldan i området (J. Øvredal). Mogleg hekkefugl i Lio, der arten har vore observert fleire gonger dei siste tre åra (M. Lien). Nøttekråka har ei flekkvis utbreiing i Hordaland, men har ein brukbar bestand m.a. på Tysnes. Knytt til område med tilgang på hasselnøtter.

Kaie *Corvus monedula*

Hekkar ikkje i Os, men kan sjåast i småflokkar på kulturmark i vinterhalvåret. Hausten 2002 var arten spesielt talrik med opptil 58 individ notert samstundes (Lokøy 2002).

Kornkråke *Corvus frugilegus*

Sjeldan art i vinterhalvåret, vanlegvis knytt til dyrka mark. To observasjonar er kjent frå Os: 3 ind. Ulven 13.11.1976 og 1 ind. Osøyro 31.12.1988.

Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl, helst knytt til busetnad og jordbruksområde. Standfugl.

Ravn *Corvus corax*

Sjåast ofte, men må reknast som ein fåtalig hekkefugl. Kjende hekkeplassar i Rødslidern, Hatvikabrotet, Solefjellsstupet og Ramnagjelet ved Øvredalsvatnet (J. Øvredal).

Stare *Sturnus vulgaris*

Vanleg art i kulturlandskapet. Bestanden har minka i heile Norden dei siste tiåra.

Gråspurv *Passer domesticus*

Vanleg art knytt til kulturmark og bustadområde.

Pilfink *Passer montanus*

Einaste kjente funn frå Os er ein fugl som vart ringmerka på Hauge hausten 1985. Pilfinken er sjeldan på Vestlandet. Sjølv om arten har blitt noko vanlegare somme stader dei seinare åra, er han framleis sjeldan på Bergenshalvøya.

Bokfink *Fringilla coelebs*

Svært vanleg art i dei fleste skogtypar. Trekkfugl som dukkar opp frå slutten av mars og trekker mot vinterområde på kontinentet og i Storbritannia i september-oktober. Nokre få individ overvintrar.



Bokfink. Foto: Alf Tore Mjøs.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Hekkar truleg sparsamt i høgareliggande bjørkeskogstrakter. Trekkfugl som dukkar opp i april og trekker bort i september-oktober til vinterområde på kontinentet og i Storbritannia. Enkelte vintrar kan betydelege mengder overvintre.

Grønfink *Carduelis chloris*

Svært vanleg art, knytt til kulturmark. Unngår store samanhengande skogsområde. Mange trekker ut av landet om hausten, men arten er svært vanleg å sjå i flokkar også om vinteren. Kjem ofte på fuglebrettet.

Stillits *Carduelis carduelis*

Ein kjenner til tre observasjonar frå Os: 5 ind. ved Ulvenvatnet 18.11.1997, 6 ind. Solstrand 6.11.2003 og 13 ind. på foringsplass på Moberg 26.12. 2002. Førekjem elles i Hordaland som sjeldan trekk- og vintergjest, hekkar ikkje.

Grønsisik *Carduelis spinus*

Vanleg art i skogområde. Kan finnast i dei fleste typar skog, men planting av gran er truleg ein av grunnane til at bestanden har auka. Delvis trekkfugl, mange overvintrar der- som tilgangen på frø er god. Andre trekker til vinterkvarter på kontinentet og i Storbritannia.

Tornirisk *Carduelis cannabina*

Kulturmarkstilknytt art som ikkje er vanleg i Os. Ein kjenner berre eit fåtal observasjonar, mellom anna 1-2 ved Ervikane 29.4.1989.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**

Hekkar i opne og halvopne område, både langs kysten og i fjellet. Ofte å sjå på næringssøk på dyrka mark. Ikkje spesielt talrik, men storleiken på bestanden er dårleg kjent. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i september-oktober til vinterkvarter i kyststrok rundt Nordsjøen.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanlig hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Brunsisiken er knytt til kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptreir også vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene, meir sjeldan om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Opptreir vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken. Er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet. Usikker hekkestatus i Os.

Bandkorsnebb *Loxia leucoptera*

Sjeldan art frå taigasona i nordlige Fennoskandia og Russland. I samband med ein stor invasjon av arten hausten 2002, vart minimum tre individ observerte i ein blandingsflokk med grankorsnebb ved Hagavik 3.11.2002 (Falkenberg 2003).

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*

Relativt vanleg art i barskog i Noreg, arten er òg funnen hekkande i Os. Store bestandsvariasjonar frå år til år, noko som er vanleg for granfrøspesialistar.

Furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus*

Tidvis nokså vanleg art i kystfuruskogane i Os. Hekkefugl, men bestanden varierer mykje mellom år. Reirfunn m.a. i Øvredalen i 2005 (J. Øvredal).

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*

Hekkar spreidd i skogsområda i kommunen. Arten trivst best i barskog med lauvtreinnslag eller lauvskogsområde i nærleiken. Stand- og streiffugl som ofte dukkar opp på foringsplassar om vinteren.

Kjernebitar *Coccothraustes coccothraustes*

Berre funnen ein gong i Os: 1 individ på Osøyro 18. 10. 2001.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Har hekka på Svinningen. Fem ungar vart ringmerkte her i 1962 (J. Øvredal) og det vart funne tre hekkande par i juni 1983 (Osaland 1984). Saman med fjellrypa er snøsporven den mest høgfjellstilknytte arten i Noreg. Trekkfugl som kjem i mars og trekker bort i oktober-november. Kan overvintrare på Vestlandet i små tal.

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Regelmessig, men fåtalig hekkefugl. Var vanlegare før og tilbakegangen skuldast truleg endringar landbruket (både endringar i husdyrhaldet og landskapsendringar). Finst typisk i område med låg skog nær dyrka mark. Delvis trekkfugl, men mange overvintrar.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Hekkar fåtalig langs vatn og vassdrag, t.d. ved Ulvenvatnet og langs sakteflytande parti i Osvassdraget. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i september-oktober til vinterkvarter på kontinentet.

PATTEDYR**INSEKTETARAR****Piggsvin** *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**

Vanleg art i kulturlandskap og hagar. Bestanden ser ut til å variere mykje. Trafikkdrepane dyr sjåast ofte langs vegane.



Piggsvin. Foto: Ingvar Grastveit.

Vanleg spissmus *Sorex araneus*

Vanleg, truleg over det meste av kommunen. Fleire belegg ved Zoologisk Museum, Bergen.

Dvergspissmus *Sorex minutus*

Vanleg, truleg over det meste av kommunen. Fleire belegg ved Zoologisk Museum, Bergen.

Vannspissmus *Meomys fodiens*

Truleg ganske vanleg art langs vassdraga, men dokumentasjon manglar. Er som dei andre småpattedyra vanskeleg å oppdage.

FLAGGERMUS

Flaggermus er ei dyregruppe ein lenge har visst relativt lite om, både når det gjeld utbreiing og økologi. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvern-avdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvern-avdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen mfl. 2000). Dei nemnde undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar påviste i fylket. Fem av desse er òg påviste i Os.

Tre av artane funne i Os er oppførte i kategorien DM (bør overvakast) på den nasjonale raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om desse artane. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på nettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane:

<http://www.zoologi.no>

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Truleg vanleg art i Os. Arten jaktar insekt stort sett lågt over fersk- og brakkvatn. 5-7 ind. påvist med bat-detector i Hegglandsdalen 27.4.1993 (T. Stormark).

Skjegg/brandtflaggermus

Myotis mystacinus/brandtii

Bør overvakast (DM)

Berre registrert ein ved NØ Bjoarvik 21/7-99 (Syvertsen 2000). Skjegg- og brandtflaggermus kan ikkje skiljast på lyd (ein må ha dei i handa), men truleg dreier funnet seg om skjeggflaggermus. Denne er funnen fleire stader i Hordaland i motsetning til brandtflaggermusa, som aldri er registrert i fylket.

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Vanleg art i regionen. Påvist med bat-detector ved Gåsandsvatnet (2 ind.) og i Hegglandsdalen (3-4 ind.) 27.4.1993 (T. Stormark). Påvist på 4 lokalitetar, Salbuvika, Bjoarvika, Søvikvatnet og Ulven leir 20-21/7-99 (Syvertsen 2000).

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)

Truleg relativt vanleg art i Os. 2-3 ind. påvist med bat-detector i Hegglandsdalen 27.4.1993 (T. Stormark). Eit ind. ved Åsen 20-21/7-99 (Syvertsen 2000).

Langøyreflaggermus

Plecotus auritus

Bør overvakast (DM)

Truleg fåtalig art i Os. Sju individ frå Moberg 15.08. 1957 ligg i samlingane ved Zoologisk Museum, Bergen.

ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Vanleg art, særleg i skog nær kulturlandskapet. Bestanden har vore svak i nokre år grunna skabb, men skal vere på veg opp att.

Mink *Mustela vison*

Arten er vanleg i sjøområda i Os og er i første rekkje tilknytt strandsoner og vassdrag. Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkomarar av rømte farmdyr.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Arten er truleg ganske vanleg, kanskje særleg i fjellområda, men dokumentasjon manglar.

Snømus *Mustela nivalis*

Finst truleg i kommunen, mest sannsynleg i dei høgareliggende områda aust i kommunen. Dokumentasjon manglar, men det skal føreligge både synsobservasjonar og sporobservasjonar (J. Øvredal).

Mår *Martes martes*

Utbreidd, men likevel ganske fåtalig art i skogområda. Helst knytt til område med litt eldre skog. Eit hi med ungar vart funne i Raudlia i 1991. I følgje lokale kjelder ser det ut til at bestanden har auka ganske mykje dei seinare åra, noko som truleg har å gjere med ein låg bestand av rev.

Oter *Lutra lutra*

Bør overvakast (DM)

Ansvarsart

Registreringar frå Os kommune er ikkje kjent i nyare tid. Bestanden i Hordaland vart kraftig redusert på 1950- og 1960-tallet. Etter å ha vore nesten heilt borte, er oteren no i framgang i Hordaland, men utanom tyngdepunktet i Nord-Hordland opptrer oteren enno nokså sjeldan.

Gaupe *Lynx lynx*

Bør overvakast (DM)

Skal vere observert m.a. i Hegglandsdalen og i Tøsdal i løpet av dei seinare åra, men dokumentasjon føreligg ikkje. At streifyr kan dukke opp ein sjeldan gong er ikkje usannsynleg, men gaupa er svært sjeldan i Hordaland, og er ikkje påvist ynglande i fylket. Det er òg viktig å ha i tankane at Os kommune har for lite areal til åleine å dekke eit fast leveområde for gaupe, som treng leveområde på fleire hundre km².

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Relativt fåtalig art i Os. Vanlegast i austlege delar av kommunen.



Ekornet er ein ganske vanlig art i Osskogane. Foto: Arnold Håland.

GNAGRARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over det meste av kommunen.

Husmus *Mus musculus*

Status ukjend i Os kommune, men er truleg fåtalig eller førekjem ikkje. Husmusa blir ofte forveksla med lita skogmus, som er den vanlegaste arten også i hus. Dokumentasjon manglar. Innført art.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Førekjem truleg i tettbygde område, men dokumentasjon manglar. Innført art.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Vanleg art både i skog og ved kulturlandskap, truleg over heile kommunen. Fleire belegg ved Zoologisk Museum, Bergen. Skogmusa går ofte inn i hus og blir av den grunn ofte forveksla med husmus.

Markmus *Microtus agrestis*

Truleg vanleg art over store delar av kommunen, men dokumentasjon manglar.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Truleg vanleg art over store delar av kommunen. Belegg frå Gåssand og Raudlia ved Zoologisk Museum, Bergen.

Lemen *Lemmus lemmus*

Ansvarsart

Arten vart registrert på Gullfjellet-Sviningen i 1989 og 1991, knytt til toppår i bestanden. Det er likevel tvilsamt om lemenet er eit fast innslag i fjella på Bergenshalvøya, til det er truleg snødekket om vinteren for tynt og ustabil.

HJORTEDYR

Hjort *Cervus elaphus*

Vanleg over det meste av kommunen. Arten nyttar beite både i kulturlandskapet, i skogen og i fjellet (sommarstid).

Som for kystkommunane elles skjer et eit fast inntrekk av hjort frå fjordstroka om hausten, med retur på vårparten. Omfanget av dette trekket er ukjent. Det er òg trekk av dyr mellom Os og nabokommunane i vest (symjetrekk). Sommarstid skjer det ei generell forflytning frå lågare til høgareliggende beiteområde.

Hjorten er klart den største jaktressursen i Os kommune, som elles på Vestlandet, med 98 felle dyr i 2002 som førebels rekord (Figur 1). Dette utgjør ei slaktevekt på rundt 6100 kg og ein førstehands kjøtverdi på rundt 370 000 kr.

Hjortebestanden har lenge vore i vekst over heile Vestlandet. Til no ser det ikkje ut til at denne veksten har vore sterkt avgrensa av beitegrunnlaget, men redusert kondisjon og slaktevekter dei siste åra kan tyde på at dette er i ferd med å endre seg.

Hjortebestanden i Os har dei siste 15 åra auka med rundt 100% (dersom ein legg fellingstala til grunn). Dette er på same nivå som i nabokommunane Bergen og Samnanger. I Os har fellingstala flata ut på rundt 90 dyr dei siste 5-6 åra. Om dette inneber at berenivået i beitegrunnlaget er nådd eller om det ligg andre årsaker bak, er ukjent.


Å peike ut areal/område som er spesielt viktige for hjorten i Os er vanskeleg utan detaljerte undersøkingar, men generelt vil lågareliggjande, sørvendte lauvskogslier med tynnt eller kortvarig snødekke kunne vere ein minimumsfaktor i særleg snørike vintrar. Elles vil område som har gode dagplassar og nærleik til gode beiteforhold i eng og kulturmark vere viktige for hjorten vår og haust (kan også gi beiteskader på innmarka!).

Hjorten er ein tilpasningsdyktig art som utnyttar beiteområde både i skog, fjell og innmark. Likevel vil det vere viktig å ta vare på store, samanhengande skogområde, dersom ein vil halde bestanden på dagens nivå. Å sikre hjorten gode og frie trekkveggar er viktig for at dyra skal kunne flytte seg mellom ulike beiteområde (sjå kap. 5).

Hjorteforvaltninga er ein av fleire store utfordringane i viltforvaltninga. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om størst mogleg bestand i forhold til beitegrunnlaget, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar på skog og innmark (overbeiting i skog kan òg gi visse negative verknader på biologisk mangfald elles). Det er viktig at kommunane tar tak i denne problematikken og stimulerer til samanslåing av vald og utarbeiding av bestandsplanar. Ei fornuftig valdorganisering er ein viktig føresetnad for å nå dei fastsette haustingsmåla. I Os har ein kome godt i gang med dette, gjennom danninga av storvaldet Os Vest, på ca. 60.000 da. På sikt er det ønskeleg å få samla ein størst mogleg del av kommunen i eitt vald.

Elg *Alces alces*

Elgen har lenge vore etablert i Voss og dei indre kommunane i Hordaland. Meir kystnært førekjem det streifdyr frå tid til anna. Også i Os førekjem det streifdyr ein sjeldan gong. M.a. vart ein okse sett på Tøsdalsfjellet/Hegglandsfjellet i 1976 (K. Kopperud). På 1990-talet er det registrert ein drukna okse ved Moldegård og ein "gaffeleg" under hjortejag i Øvredalen (J. Øvredal).



Figur 1. Tal på felte hjort og tildelte løyve i Os kommune dei siste 20 åra, 1986-2005.



8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Grunna lågt budsjett har ein hatt avgrensa ressursar til feltundersøkingar (12 feltdagar), det meste av tidsbruken har gått med på den skriftlege delen (viltrapporten). Under feltarbeidet konsentrerte ein seg først og fremst om viltet i kulturlandskapet, våtmarkene og i skjergarden (sjøfuglane). Fjellområda vart nedprioriterte fordi desse er artsfattige og av mindre forvaltingsmessig interesse (lite utsette for inngrep). Skogområda i Os, i alle fall i visse delar av kommunen, hadde ein frå før relativt god oversikt over, m.a. gjennom tidlegare forskings- og utredningsprosjekt i perioden 1985-95. Ei vidare kartlegging av skogområda vil krevje vesentleg større ressursar, både tidsmessig og økonomisk enn det dette prosjektet har lagt opp til.

Ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det naudsynt at målretta feltarbeid får ein større plass i kartlegginga. Ei naturleg oppfølging av vil vere å rette innsatsen inn mot artar og geografiske område ein treng meir kunnskap om. Under følgjer nokre forslag til slik oppfølging:

Hjort. Ein bør legge opp til vidare arbeid med fokus på bestandsteljingar og betre kunnskap om trekk og vandringer. Utarbeiding av bestandsplan og vidare arbeid med hjortevalda bør ha høg prioritet.

Skogshøns og ryper. Ein kunne ønske betre oversikt over bestandane av skogshøns, særlig storfugl, men også og orrfugl og ryper (lirype og fjellrype). Nokre av tiurleikane i kommunen er litt usikre, både med tanke på geografisk plassering og tal fuglar på leiken.

Andefugl. Andefuglane har små hekkebestandar i Os og regelmessig oppdatert kunnskap om desse vil vere ønskjeleg.

Sjøfuglar. For alle kystkommunane står sjøfuglane òg som ei viktig gruppe som krev vidare oppfølging, særleg når det gjeld hekkebestan-

dane. Auka press på skjergarden knytt til friluftslivet er ein av fleire viktige negative faktorar for sjøfuglane.

Småpattedyr. Førekost og utbreiing av småpattedyr (flaggermus, røyskatt, snømus og smågnagarar) bør dokumenterast betre.

Amfibiar. Førekost og utbreiing bør bli betre dokumentert. Når det gjeld stor salamander er det ønskjeleg med undersøkingar av fisketomme tjørn i nærområdet rundt den kjende førekosten, men også andre stader i kommunen kan det vere aktuelt med søk etter denne arten.

Frosk og padde og nokre av småpattedyra kan kanskje registrerast gjennom skuleprosjekt, med registrering av froskeegg/rumpetroll og sporteikn. Opphenging av nokre kattugleholkar ulike stader i kommunen vil kunne vere til god hjelp, fordi kattugla sine gulpebollar kan gi nyttig informasjon om førekost av småpattedyr.

Raudlisteartar i skog. Sentrale styresmakter har slått fast at dei raudlista viltartane skal ha høg prioritet i arealforvaltinga. Særleg det å forvalte fugleartane knytt til den gamle naturskogen (spettar, rovfugl og storfugl) er ei stor utfordring også i Os. På sikt bør ein, om mogleg, legge opp til ei meir detaljert kartlegging av viktige område i skog, der område med særleg stor verdi blir plukka ut. Ei avgrensing av fleire særleg viktige delområde vil vere lettare å forhalde seg til i praktisk forvalting, enn dei store skogområda som er plukka ut som viktige i denne kartlegginga (Kart 3 og kap. 5). Ei slik kartlegging kan, imidlertid, vise seg å vere praktisk vanskeleg, fordi dei fleste av dei aktuelle artane faktisk er avhengige av store, samanhengande leveområde.

9. KONFLIKTAR MELLOM VILTINTERESSENE OG VÅR EIGEN NATURBRUK

SKOGBRUK

Omlag 57000 daa (42%) av arealet i Os er produktiv skog, dvs. skog som veks raskt nok til å kunne danne grunnlag for lønsamt skogbruk. Mange av dei truga og sårbare viltartane er knytt til dei produktive skogsmiljøa og difor har skogeigarane ei viktig rolle når det gjeld forvaltning av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala for tømmerproduksjon på høge bonitetar. Kvitryggspett, hønsehauk og storfugl er blant dei mest utsette artane i denne samanhengen (sjå Håland 1985b). Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive i skogbruks-samanheng. Bestandstilbakegangen for desse artane har først og fremst skjedd etter ca. 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater og treslagsskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført at leveområda blir oppdelte. Dermed blir leveområda for kvart enkelt individ større.

Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste spetteartane og dette er ofte mangelvare i eit kultivert skoglandskap. Mangel på eldre ospesholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekke andre holrugande fugleartar er igjen avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan difor òg få konsekvensar for desse sekundære holrugarane (t.d. meiser, flugesnapparar og raudstjert).

På Vestlandet er konfliktane skisserte ovanfor generelt mindre enn i dei flate områda på Austlandet og i Trøndelag. Eige-domsforhold og bratt terreng gjer skogsdrifta mange stader lite effektiv, og store hogstflater er ikkje like vanleg hos oss. Problemstillinga er likevel aktuell i Os, som har store skogressursar.

Etter kvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig. Og dei siste åra har skogbruket blitt flinkare til å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. M.a. er det sett i gang kartlegging av lokalitetar i skog som er særleg viktige for mangfaldet av dyr og plantar (MiS – miljøregistreringar i skog). Det kan likevel ofte bli konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes økonomisk forsvarleg. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig. Under følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ta omsyn til viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthal-dast (varierer frå art til art).
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkeløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalite-tar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør ikkje hoggast. Sumpskog er ofte svært vik-tig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Set att nokre store tre som får sjansen til å bli verkeleg gamle
- Set att døde tre og store lauvtre, særleg osp, som reirtre og særleg døde furutre og daude lauvtre som "spiskam-mers" for spettar.
- Unngå treslagsskifte i frodige lauvskogsområde og områ-de med eldre blandingsskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, som hekkeområde for spettar, reirområde for rovfugl og leik-område for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i viktige og svært viktige vilt-område er det viktig at viltmyndighetene blir tatt med i planlegginga på eit tidleg stadium.

JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er viktig for ein del viltartar. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av. Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda. Ein del viltartar som primært er knytte til skog (t.d. trastar, finke-fuglar og hjort) nyttar difor det opne jordbruks-landskapet for næringssøk. Nokre få artar som i større grad er knytte til opne område, ville truleg ha vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt, utan jordbrukslandskapet (t.d. vipe, låve-svale og stare).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap, der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved gamle driftsmåtar. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er kanalisering og lukking av bekkar, grøf-ting av fuktmark, fjerning av kantskog og åker-holmar, sprøyting med plantevernmiddel, ut-slepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og opp-dyrking av våtmark.

Viltet på si side kan ha uønskte verknader på landbruket. Mange stader har ei veksende hjo-rtestamme ført til auka problem med beiteskadar på både skog og innmark. Det er òg tidvis kon-fliktar mellom rovdyr og sauehald i enkelte dist-rikt, men dette har vore lite aktuelt i Os.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrringar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august.

JAKT

Den viktigaste jaktaktiviteten i Os er hjortejakta, i alle fall dersom ein ser på matauk og økonomi. Når det gjeld småviltjakt er det jakt med ståande hund på rugde under trekket om hausten og tidleg på vinteren som er den mest utbreidde aktiviteten i Os. Skogshønsene orrfugl og storfugl og rypeartane er fåtalige i kommunen og dermed mindre viktige som jaktobjekt. Heller ikkje andejakt er særleg utbreidd.

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året då viltet er minst sårbart for forstyrringar (om hausten).

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevæktar (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving om vinteren og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere blir difor ei avveging mellom ønsket om optimal produksjon og omfanget av beiteskadar.

Når det gjeld småvilt har uttaket i samband med jakta tradisjonelt blitt antatt å ha liten innverknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølv uttaket, og ved at viltet flyttar til andre område. Vassfuglane er særst utsett for dette. Det er sjølvstakt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

Det er viktig å understreke at jakt ikkje er nødvendig for viltet eller naturen sin eigen del, men berre ut frå vårt eige ønske om optimal produksjon. Nokon meiner at hjorteviltet er eit unntak for dette og at bestandane av hjortevilt må regulerast fordi vi ikkje lenger har store rovdyr. Det er imidlertid sannsynleg at næringstilgangen er ein viktigare regulerande enkeltfaktor enn det rovdyra nokon gong har vore.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatar som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkoneri. I Noreg er det generelt forbod mot eggssamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet i Os kommune er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg verksemd og uvettig framferd, bør lensmannsetaten varslast omgåande.

NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE

Bygging av bustadar, industri, hamneområde, hytter osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar, både ved sjølv arealinngrepet og ved auka aktivitet, ferdsel og støy.

Os kommune har vekst i folketalet og det er planlagt fleire nye bustadområde og nærings- tomter. I framtidig arealforvaltning er det viktig at omsynet til viltet blir lagt inn i planarbeidet på eit tidleg stadium, slik at ein i større grad kan styre utanom dei største konfliktane.

Små våtmarker (tjørn, sumpmark, myr) er svært utsett for utfyllingar. Dette er særst lite heldig då eit nettverk av små våtmarker er sjølv produksjonsgrunnlaget for mange vassfuglartar (Håland 1985a).

VEGAR

Vegbygging fører ofte til store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane for viltet er fragmentering av leveområda. Særleg større vegar med høge skjeringar og stor trafikk, kan vere viktige vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som frå før var lite tilgjengelege (dette gjeld òg anleggsvegar og skogsvegar), og kan dermed føre til auka forstyrring langt utanfor sjølv vegtraséen. Påkjørslar av vilt er òg eit alvorleg problem enkelte stader, ikkje berre for viltet, men òg når det gjeld trafikk-

tryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

I Os er problemstillinga med vegframføring no særleg aktuell i samband med ny E39 frå Ulven mot Bergen. Første del av strekket, frå Moberg, over Ulvenvatnet til Sveгатjørna er ferdigstilt. I forhold til viltet låg det her særlege konflikthar til kryssing av Ulvenvatnet, som er rekna som eit svært viktig viltområde (andefugar, vadefugar og sporvefugar). Om kryssinga har hatt målbar konsekvensar for verdien av området for viltet er enno ikkje utgreidd. Neste store prosjekt er vidareføring av vegen i fire felt mot Bergen. Dette ser ikkje ut til å kome i direkte konflikt med dei prioriterte viltområda registrerte under viltkartlegginga.

VASSDRAGSREGULERING

Store kraftutbyggingar er lite aktuelt i Os. Det største og viktigaste vassdraget i kommunen, Osvassdraget, er varig verna mot større kraftutbygging. Men regulering av vassdrag, t.d. i samband med drikkevassforsyning, smoltproduksjon eller småkraftverk, kan òg ha uheldige verknadar på viltet. Det kan føre til oversvømming av hekkeområde og dårlegare næringstilgang gjennom uttørking av bekkar (t.d. dårlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Lomartane er spesielt utsette for hyppige vannstandsendingar fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten. Fossekallen er utsett for tørrlegging av bekke- og elvefar i hekketida fordi tilgangen på trygge reirplassar er avhengig av ein viss vannstand i elva.

Vassdragsregulering i samband med drikkevassforsyning kan òg ha sine positive sider, ved at nedslagsfeltet, for å unngå forureining, blir tilagt restriksjonar på friluftaktivitetar og bygging.

KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra (Bevanger 1988). Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsefugar, reknar ein på landsbasis med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspentlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppene. Men også større høgspentlinjer er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Enkelte rovfuglar og ugler brukar gjerne stolpar som utkikkspost og døyr av elektrokusjon ved landing og letting (t.d. dersom vingane kjem borti to straumførande leidningar samstundes). For hubro er dette vurdert som eit av dei største bestandstrugsmåla (Larsen & Stensrud 1988).

Også i Os er hubroar funne døde under kraftlinjer (Haukeland 1979b).

Problemet med elektrokusjon kan fjernast ved å isolere ledningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

Ved framføring av eventuelle nye kraftledningstraséar bør ein unngå å legge leidningstraséar gjennom prioriterte viltområde, men dersom dette er unngåeleg, kan god planlegging redusere skadeverknadane.

Ledningstraséar bør ikkje leggest i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spelplassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl. I spesielt utsette område bør jordkabel vurderast.

AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som av enkelte blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt*. Små, private avfallsplassar "bak låa" kan ha den same effekten som større, kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan vere med å oppretthalde "kunstig" høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

*Om kråkefuglane verkeleg spelar ei viktig rolle når det gjeld regulering av skogshønsbestandane er tvilsamt. Reven ser ut til å spele ei lang viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr til saman. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konflikthar i forhold til viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte forstyrings-effekt, og plassering av anlegget nær kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konflikthar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe.

Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av nye oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndighetene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflikthar.

10. LITTERATUR

- Bahus, T.K. 1985. Nettfangst på Hauge i Os høsten 1984. *Krompen 14 (2)*: 82.
- Bentz, P.-G. & Clarke, A.W. 1990. Sjeldene fugler i Norge i 1988. Rapport frå Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF), NZF og NOF. *Vår Fuglefauna 13 (3)*: 131-143.
- Bergo, G. 1992. Bestandsstørrelse, reirhabitat og reproduksjonsbiologi hjå hønehawk. *MVA-rapport 5/1992*. Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga.
- Bevanger, K. 1988. Fugledød ved kollisjon mot kraftledninger. *Vår Fuglefauna 11*: 15-20.
- Bjerkestrand, B. 1989. Hauge ornitologiske stasjon. Ringmerkingsrapport. *Krompen 18 (3)*: 122-123.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkende sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Collett, R. 1921. *Norges fugle*. 3 bind. H. Aschehoug & Co., Kristiania. 421 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. *DN-håndbok 11*. 112s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3*. 162s.
- Drange, H. & Sivertsen, T. 1982. Fugleobservasjonar frå Lysefjorddistriktet i 1981. *Krompen 11 (2)*: 61-63.
- Falkenberg, F. 1999. Fugler i Hordaland 1998. *Krompen 28 (2)*: 66-87.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. *Krompen 29 (2)*: 73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. *Krompen 30 (2)*: 74-104.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. *Krompen 31 (3)*: 94-119.
- Falkenberg, F. 2003. Invasjon av båndkorsnebb høsten 2003. *Krompen 32 (2)*: 157-160.
- Gjerde, J. 1988. Fugleobservasjonar frå Os 1987. *Krompen 17 (3)*: 90.
- Grastveit, I. 1993. Ulvenvatnet. *Krompen 22 (4)*: 143-146.
- Jacobsen, O. 1984. Haukugleinvasjonen i Hordaland høsten 1983. *Krompen 13 (3)*: 133-135.
- Krompen 22 (nr. 4, 1993)*: Temanummer frå Os kommune.
- Larsen, R. S. & Stensrud, O.H. 1988. Elektrisitetsdøden - den største trusselen mot hubrobestanden i Sørøst-Norge? *Vår Fuglefauna 11*: 29 - 34.
- Lokøy, B. 2002. Et godt fugleår. *Krompen 31 (4)*: 153.
- Lyssand, R. 1993. Sjøfuglreservat i Os kommune. *Krompen 22 (4)*: 141-142.
- Haukeland, P. N. 1979a. Litt om isfuglen i Os. *Krompen 8*: 96-97.
- Haukeland, P.N. 1979b. Høyspent dreper hubro. *Krompen 8 (3)*: 97.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme?. *Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995*. 4s. Norges landbrukshøgskole.
- Håland, A. 1979a. Invasjonsartet opptreden av taffeland. *Krompen 8 (3)*: 87-93.
- Håland, A. 1979b. Grågås og canadagås i Hordaland. *Vår Fuglefauna 2*: 158-162.
- Håland, A. 1985a. Små våtmarkers betydning for hekkende vannfugl. *Vår Fuglefauna 8*: 121-125.
- Håland, A. 1985b. Vestnorske skoger. Skogbruk, fugl og forvaltning. *Vår Fuglefauna 8*: 239-254.
- Håland, A. 2005. Hekkende sothøner i Hordaland 1970-2004. – *Krompen 34 (2)*: 56-62.
- Håland, A., Gjelsvik, R., Overvoll, O. & Stellberg, J. 1997. Rv1 Moberg-Svegatjørna, Os kommune. For- og etterundersøkelser av miljøkonsekvenser for Ulvenvatn. Forundersøkelser i 1996. *NNI-rapport nr. 10*. 45 s.
- Håland, A.; Overvoll, O. & Stellberg, J. 1998. E39, parsell Moberg-Svegatjørna, Os kommune. For- og etterundersøkelser av miljøkonsekvenser for Ulvenvatnet. Forundersøkelser i 1997. *NNI-rapport nr. 22*. 46 s.
- Håland, A. & Mjøs, A.T. 2003. Viltkartlegging i Tynesnes kommune, Hordaland. *NNI-rapport nr. 102*. 59 s. + vedlegg.
- Håland, A. & Ugelvik, M. 1991. Hvitryggspettens økologi i relasjon til et flersidig skogbruk. S. 33-44 i: Solbraa, K. & Grønvold, S. (red.). Skogøkologi og flersidig skogbruk III. Del A. Truede og sårbare arter. *Rapp. Skogforsk 13/92*: 1-59.
- Høyland, B.O., Heggland, H. & Mjøs, A.T. 2001. Sjeldene fugler i Norge i 1997 og 1998. Rapport frå Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). *Vår Fuglefauna Suppl. nr. 4*: 4-31.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – *Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund*. 37s.
- Mjøs, A.T. & Solbakken, K.Aa. 2001. Sjeldene fugler i Norge i 1999 og 2000. Rapport frå Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). *Ornis Norvegica 24 (1/2)*: 3-59.
- Os lokallag 1980. Fuglenotat frå Os m/omegn 1979. *Krompen 9*: 93-97.
- Osaland, O. 1984. Ornitologiske observasjonar 1983. *Krompen 13 (3)*: 144-152.
- Overvoll, O. 2004. Hønehawk i Hordaland. S. 18-19 i: Grønlien, H. (red.): Hønehawk i Norge. Bestandens status og utvikling siste 150 år. – Norsk Ornitologisk Forening, *NOF Rapportserie 5-2004*.

- Pedersen, F.H. 1997. Sjeldne fugler i Hordaland 1996. Rapport frå LRSK-Hordaland. *Krompen 26 (3)*: 118-127.
- Ragnhildstveit, J. & Helliksen, D. 1997. Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Bergen – M 1:250.000. Norges geologiske undersøkelse.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. *Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4*. Norges landbrukshøgskole.
- Smedshaug, C.A. & Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. *Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4*. Norges landbrukshøgskole.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 I: Olsen, K.M. (red.): *Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge*. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210s.
- Syvvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening. *Rapport 9, manuskript*.
- Øvredal, J. 1993. Bestandsvariasjonar i fuglelivet i Os etter krigen. *Krompen 22 (4)*: 132-133.

VEDLEGG I: ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gi ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Os. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld smågnagarar og ein del fuglearter varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekost
D påvist yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynleg yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Gruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	4	0	0	0	4
Krypdyr	1	0	0	0	1
Fuglar	90	17	4	74	185
Pattedyr	12	6	1	3	22
Totalt	107	23	5	77	212

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIUM						
Liten salamander	<i>Triturus vulgaris</i>	D	Sjå artsomtale			
Stor salamander	<i>Triturus cristatus</i>	D	X	X	X	dvale
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	XX	XX	XX	dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	dvale
KRYPDYR						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	dvale
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D	(xx)	1 par	(xx)	
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	O	(x)			
DYKKARAR						
Dvergdykkar	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Horndykkar	<i>Podiceps auritus</i>	O			(x)	
STORMFUGLAR						
Havsvale	<i>Hydrobates pelagicus</i>	O			(x)	
PELIKANFUGLAR						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	(xx)	X	X
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O				(x)
STORKEFUGLAR						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	X	X	X
Stork	<i>Ciconia ciconia</i>	O			(x)	
ANDEFUGLAR						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Grågås	<i>Anser anser</i>	C	X	2-5 par	XX	
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O	(x)			

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	O				(xx)
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	X	X	
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	20-40 par	XX	XX
Skjeiand	<i>Anas clypeata</i>	O			(x)	
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O			(x)	(x)
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	D	X	(xx)	X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O			(x)	(x)
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	D	X	X	X	XX
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O			(xx)	(xx)
Sjørre	<i>Melanitta fusca</i>	O			(xx)	(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	XX	(x)	XX	XX
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X	5-10 par	X	X
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	X		X	X
ROVFUGLAR						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	C	X	1 par	X	X
Hønsenhauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	3-5 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	X	X	X	X
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	C	X	X	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)			
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Aftenfalk	<i>Falco vespertinus</i>	O			(x)	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	O			(xx)	(xx)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	O	X	X	X	(xx)
HØNSEFUGLAR						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	C	X	X	X	X
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	X	X	X	X
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Fasan	<i>Phasianus colchicus</i>	O				
TRANEFUGLAR						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	C	(xx)	(xx)	X	X
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	B		(x)	(x)	
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	C*		(x)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O			(x)	(x)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
VADEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralgeus</i>	D	XX	XX	XX	
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O			(x)	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	X	X	X	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	30 par	X	
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			(x)	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	O				X
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O			(xx)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O			(xx)	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyptes minimus</i>	O			X	X
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	X	X	X	(xx)
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O			(x)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	X	X	X	(xx)
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O			(x)	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	O	(xx)		(xx)	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O			(x)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	O	(x)		(x)	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O			(x)	
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
JOAR, MÅSAR OG TERNER						
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	O			X	X
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	200-300 par	XX	XX
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	XX	25-30 par		
Britisk sildemåse	<i>L. f. graellsii</i>		(x)			
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	25-30 par	XX	XX
Grønlandsmåse	<i>Larus glaucooides</i>	O				(x)
Polarmåse	<i>Larus hyperboreus</i>	O				(x)
Svarbak	<i>Larus marinus</i>	D	X	10-15 par	X	X
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O				(x)
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	XX	XX		
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D	XX	XX		
ALKEFUGLAR						
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O				(x)
Alke	<i>Alca torda</i>	O				(x)
Teist	<i>Cepphus grylle</i>	C*	(xx)	(xx)	(xx)	
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O			(xx)	(xx)
DUER						
Bydue	<i>Columba livia</i>	D	X	X	X	X
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	D	X	X	X	X
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O		(x)	(x)	
GAUKEFUGLAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	X
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	C	X	1-2 par	X	X
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O			(x)	
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(xx)	(xx)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	X	X	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O	(x)			
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O				
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O		(x)		
Sporveugle	<i>Glaucidium passerinum</i>	O	(x)			
SEGLARAR						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	D	X	X		
RÅKEFUGLAR						
Isfugl	<i>Alcedo atthis</i>	O				(x)
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
SPETTEFUGLAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	6-10 par	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	C	X	X	X	X
Svartspett	<i>Dryocopus martius</i>	O				(x)
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	10-14 par	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	X	5-10 par	X	X
Tretåspett	<i>Picoides tridactylus</i>	O	(x)			

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
SPORVEFUGLAR						
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	X	(x)	X	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D*	X	(xx)	X	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	XX	XX	XXX	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	XX	XX	XX	
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Heipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D	X	X	X	X
Gulerle	<i>Motacilla flava thunbergii</i>	O	(x)		(x)	
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	D	X	2-3 par	X	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>		(x)			
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O			X	X
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	10-12 par	X	X
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	D	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Svartstrupe	<i>Saxicola torquata</i>	O			(x)	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XXX	XXX	XXX	(x)
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	B		(x)		
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	O		(x)	(x)	
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	D	X	4-5 par	X	
Røysongar	<i>Acrocephalus scirpaceus</i>	O			(x)	
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	C	X	X	X	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	O			(x)	
Tomsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	B			X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	D		(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	XX	XX	XX	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	X	X	X	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	X	X	X	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	X	X	X	X
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Tomskate	<i>Lanius collurio</i>	O			(x)	
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O				(x)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	O	X	X	X	X
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O			(xx)	(xx)
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O				(x)
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Ravn	<i>Corvus corax</i>	C	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Gråspurv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	O			(x)	
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	C	X	X	XX	(xx)
Grønnefink	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XXX	XX
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O			(x)	(x)
Grønneisik	<i>Carduelis spinus</i>	D	XX	XX	XX	X
Tornirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	O	(x)			
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	X	X	X	(xx)
Brunneisik	<i>Carduelis cabaret</i>	C	XXX	XXX	XXX	X
Gråneisik	<i>Carduelis flammea</i>	C	X	X	XXX	X
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O				(x)
Grønnekornebb	<i>Loxia curvirostra</i>	D	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	X	X	X	X
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Kjernebitar	<i>Coccothraustes coccothraustes</i>	O			(x)	
Snøspurv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	D	X	X	X	(xx)
Gulspurv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	X	X	X	X
Sivspurv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	X	X	X	i dvale
Skjegg-/brandtflaggermus	<i>M. mystacinus/M. brandtii</i>	C	X	X	X	i dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	C	X	X	X	i dvale

ROVDYR

Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	XX	XX	XX	XX
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	C	XX	XX	XX	XX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	B	X	X	X	X
Mår	<i>Martes martes</i>	D	X	X	X	X
Gaupe	<i>Lynx lynx</i>	O				(x)

HJORTEDYR

Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Elg	<i>Alces alces</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

HAREDYR

Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	X	X	X	X
------	----------------------	---	---	---	---	---

GNAGARAR

Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter eige behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unnateke offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre kartet over trekkvegar for hjort og prioriterte viltområde vedlagt. Kartet over prioriterte viltområde er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.


Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. konkrete hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggjande opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Internet: www.naturbase.no

(Karta er produsert av Fylkesmannen i Hordaland etter manuskart frå konsulent/viltkartleggar)


Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Tettbebyggelse
- Lauvskog
- Barskog
- Jordbruksareal

Naturvern



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernkv. Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)



Kart 2. Hjortevilt


— Viktig trekkveg

■ Tettbebyggelse


■ Lauvskog

■ Barskog

■ Jordbruksareal




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)




Kart 3. Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig
-  Andre område

-  Tettbebyggelse
-  Lauvskog
-  Barskog
-  Jordbruksareal
-  Myr



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)



ISBN-10: 82-8060-055-8
ISBN-13: 978-82-8060-055-4
ISSN: 0804-6387